



Årsrapport om betalingssystem

2010

mai 2011



Årsrapport om betalingssystem 2010

❖NB❖ NOREGS BANK

Noregs Bank sitt ansvar og årsrapportering

Noregs Bank sitt ansvar på betalingsområdet

Noregs Bank skal arbeide for robuste og effektive betalingssystem. I sentralbanklova heiter det at Noregs Bank skal fremje eit effektivt betalingssystem innlands og overfor utlandet. Det gjer Noregs Bank i hovudsak på tre måtar:

- Vi syter for sikkert og effektivt oppgjer av betalingar mellom bankane på deira konti hjå oss.
- Vi syter for tilgang på norske setlar og myntar på ein måte som fremjar eit effektivt betalingssystem og gir god tryggleik mot forfalsking. Det sikrar òg tilgang til betalingsinstrument i situasjonar der andre betalingsinstrument ikkje står til rådvelde.
- Vi overvaker viktige utviklingstrekk i betalingssystemet og ser på korleis det kan bli meir robust og effektivt.

Betalingsystemloven gir Noregs Bank ansvaret for konsesjon og tilsyn med system for avrekning og oppgjer av pengeoverføringer mellom bankane (interbanksystem). Interbanksistema skal vere utforma og drifta slik at dei står opp under stabiliteten i det finansielle systemet. Noregs Bank fører tilsyn med at vilkåra for konsesjonane vert følgde, og kan supplere med ekstra krav til eigarane av systema om det er naudsynt.

Noregs Bank og Finanstilsynet sitt arbeid med betalingssistema supplerer kvarandre. Noregs Bank har hovudansvaret for å sjå til at verksemda i interbanksistema er i samsvar med lova og konsesjonsvilkåra, medan Finanstilsynet har hovudansvaret for overvaking av dei kunderetta sistema for betalingstenester. Finanstilsynet fører mellom anna tilsyn med teknisk tryggleik og driftsstabilitet i sistema for betalingstenester. Finanstilsynet publiserer årleg ein risiko- og sårbarheitsanalyse som trekkjer fram viktige spørsmål i bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi innafor finanssektoren. Noregs Bank og Finanstilsynet har regelmessig kontakt og utvekslar informasjon.

Årsrapport om betalingssystem

Rapporten vert publisert som ein del av arbeidet med å fremje robuste og effektive betalingssystem. Rapporten har to hovuddelar. Del 1 drøftar utviklinga i kunderetta betalingssystem, medan del 2 tek for seg interbanksystem. Dei to delane speglar Noregs Bank sitt ulike ansvar på dei to felta:

- Del 1 analyserer utviklinga i dei kunderetta betalingssistema og vurderar om og korleis dei kan verte meir effektive. Med unntak for arbeidet med kontantar, har Noregs Bank ikkje andre verkemiddel retta mot systema for betalingstenester enn å publisere analysar og gje råd.
- Del 2 speglar Noregs Bank sine oppgåver og verkemiddel for overvaking av og tilsyn med interbanksystem og annan finansiell infrastruktur. Arbeidet har fokus på tryggleik og konsekvensar for finansiell stabilitet. Her vert det gjort greie for tilsynsaktiviteten og vurderingar med omsyn til tryggleik, og del 2 er dermed eit viktig komplement til rapporten om Finansiell stabilitet.

Noregs Bank vonar at rapporten er til nytte for andre styresmakter, eigarar og operatørar av betalingssystem, finansinstitusjonar og deira bransjeorganisasjonar, bedrifter, media, akademia og økonomistudentar. For å bidra til empirisk kunnskap om betalingar og betalingssystem vert statistikken lagt ut i eit maskinlesbart format.

Internasjonal bedømming av årsrapporten

Noregs Bank bad i fjar eit internasjonalt ekspertpanel om å vurdere rapporten for 2009 og gje råd om korleis årsrapportane kan verte utvikla vidare. Rapporten deira er å finne på Noregs Bank sine nettsider, og mange av framlegga i rapporten er følgde opp her.

Noregs Bank Oslo 2011

Adresse: Bankplassen 2
Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo
Telefon: 22 31 63 83
Telefaks: 22 31 64 16
Reg nr: 0629/7
E-post: central.bank@norges-bank.no
Internett: <http://www.norges-bank.no>

Sentralbanksjef: Øystein Olsen
Visesentralbanksjef: Jan F. Qvigstad

Ansvarleg redaktør: Øystein Olsen
Omslag og grafisk utforming: Burson-Marsteller
Sats: Noregs Bank
Trykk: 07 Gruppen AS
Teksten er sett med 10,5 pt Times New Roman / 9 pt Univers

ISSN 1503 – 8602 (trykt)
ISSN 1503 – 8610 (online)

Innhold

| | |
|---|-----------|
| Noregs Bank sitt ansvar og årsrapportering | 2 |
| Leiar: Raskare oppgjer av betalingar | 4 |
| 1 SYSTEM FOR BETALINGSTENESTER | 5 |
| 1.1 Bruk av kontantar | 6 |
| 1.2 Kortbetalingar | 7 |
| 1.3 Rekningsbetalingar | 9 |
| 1.4 Prisar i og inntekter frå betalingsformidling | 12 |
| 1.5 Tryggleik | 12 |
| 1.6 Nye betalingstenester | 14 |
| 1.7 Det europeiske betalingsområdet | 15 |
| Boksar og rammer | |
| Korleis fungerer BankAxept? | 8 |
| E-faktura B2C, G2C, B2B og B2G | 10 |
| BankID | 13 |
| BankAxess | 13 |
| Uformelle system for pengeoverføring (Hawala) | 15 |
| 2 INTERBANKSYSTEM MV. | 17 |
| 2.1 Noregs Bank si overvaking av og tilsyn med finansiell infrastruktur | 17 |
| 2.2 Interbanksistema i Noreg | 20 |
| 2.3 Oppgjerssystem for verdipapir- og valutahandel | 28 |
| 2.4 Internasjonal utvikling | 31 |
| Boksar og rammer | |
| Norske interbanksystem | 18 |
| Forbodet mot kreditt frå Noregs Bank til staten – ei presisering | 23 |
| Nytt system for styring av bankane sine reserver - konsekvensar for betalingsoppgjera | 25 |
| Sentral motpart i handel med eigenkapitalinstrument på Oslo Børs | 29 |
| Referansar | 34 |
| Tabellar | 37 |
| Definisjonar og forkortinger | 51 |
| Forklarings til tabellane | 55 |

Leiar

Raskare oppgjer av betalingar

I 2010 auka talet på daglege nettooppgjer mellom bankar i Noreg frå to til tre. Fleire daglege oppgjer opnar for meir effektiv bruk av likviditet for all verksemd i landet. Alle som er med i prosessar der større pengesummar skal skifte eigar, bør nytte høvet til å utvikle betre produkt. Noregs Bank støttar bankanes planar som kan auke effektiviteten i oppgjersssistema ytterlegare framover. Vi vonar at andre aktørar i økonomien vil ta i bruk sjansane som no byr seg, slik at kostnadene til pengeflytting kan falle enda meir.

Effektiviteten i handsaming av betaling og rekneskap i verksemder og forvaltning kan òg aukast gjennom betre utnytting av elektronisk utveksling av informasjon. Kravet frå staten om bruk av eFaktura i statleg verksemd innan 1. juli 2012 og for all offentleg verksemd innan 1. juli 2013 er nyttig for å få løyst ut eit slikt potensiale.

Bankane bør syte for betre dekking av kostnadane dei har på kontanttenester ved å auke prisane og syte for meir effektiv drift. Dette er betre enn å svekkje tilgangen kundane vil ha på kontantar. I dag forsyner Noregs Bank bankane med kontantar, medan bankane syter for distribusjonen ut til ålmenta. Slik vil det halde fram.

Finanskrisa var ein vekkjar for marknadsaktørar og styresmakter i mange land. Ein fekk òg syn for kor mykje robuste system kan ha å seie for at finansmarknader og finansinstitusjonar skal fungere i periodar med stress. Det internasjonale arbeidet med å syte for ein sikker og effektiv infrastruktur for finansielt oppgjer er no kome fram til perioden der nye standardar og reglar vert fastsette. Ein komité under den internasjonale oppgjersbanken – BIS – har sendt på høyring eit framlegg til nye internasjonale tilrådingar om sikring av effektivitet og tryggleik i den finansielle infrastrukturen. Det er ikkje grunn til å tru at tilrådingane frå BIS vil by på særleg store utfordringar for norske aktørar. I EU vert det arbeidd med ei rad framlegg til regulering av institusjonar og verksemd som vil gje like og strengare reglar for heile EØS-området. Gjennom dette arbeidet vil tryggleiken for avreknings- og oppgjersssistema rundt om i verda kunne verte betre.

Øystein Olsen

26. mai 2011

1. System for betalingstenester

Effektive betalingar er ein føresetnad for ein velfungerande økonomi. Betalingar bør kunne gjennomførast snøgt, sikert og til låge kostnader. Målt mot desse kriteria hevdar norsk betalingsformidling seg godt internasjonalt. Samarbeid syter for at stordriftsfordelar vert utnytta samtidig som den sentrale infrastrukturen vert utvikla. Det er blitt fleire daglege oppgjer mellom bankane. Det har ført til at betalingar går raskare og at likviditetskostnadene har falle. Når det på same tid har vore få avbrot i systema, har vi grunn til i hovudsak å vere nögd med betalingssystemet i Noreg.

Det er store skilnader i kostnadene ved ulike betalingsmåtar. For samfunnet kan kostnadene reduserast ved auka bruk av dei rimelegaste tenestene og ved å utnytte automatikk betre. Her vil vi trekke fram nokre punkt:

- Elektronisk informasjonsutveksling kan verte brukt for å gi betre effektivitet i sambandet mellom betaling og rekneskap i norske verksemder. Her er det eit stort potensiale for effektivisering. Etter Noregs Bank sitt syn er statens krav om bruk av eFaktura i staten innan 1. juli 2012 og i offentleg verksemd innan 1. juli 2013 nyttig for å få løyst ut potensialet her.
- Kontanttenester er for lågt prisa. Bankane bør styrke kostnadsdekninga på desse tenestene ved å auke prisane og drive meir effektivt, snarare enn å redusere tilbodet av kontanttenester. Noregs Bank vil halde fram at prising i tråd med kostnader saman med konkurransen mellom tenesteytarane, vil bidra til eit samfunnsmessig rett nivå på bruk av både kontantar og andre betalingsinstrument.
- Det er stor skilnad i kostnadene betalingsmottakarar (butikkar) har ved å ta imot betalingar, avhengig av kva for betalingsløysing kunden vel (kontantar, ulike kort). Mellom anna redsle for å miste kundar fører til at få betalingsmottakarar gjer bruk av retten dei no har til å belaste betalarane for kostnadene. Noregs Bank vil peike på at betalingsmottakarar som prisar mottaket av betalinga i samsvar med dei spesifikke kostnadene mottakaren har til dette, legg til rette for ein meir effektiv samfunnsøkonomi.¹

Sikker og stabil drift av IT-system er ei viktig oppgåve for aktørane i betalingssystemet. Mange nye elektroniske tenester har lange automatiserte prosessar mellom betalar og mottakar. Dette aukar kompleksiteten og faren for feil som fører til forseinkingar eller at betalingar ikkje vert gjort. På same tid ventar dei fleste at betalingstenester står til rådvelde heile tida. Det er systemeigarane som har ansvar for å syte for at brukarane har tilbod om trygge og effektive løysingar. Det er viktig at ålmenta og leverandørane kjennen til situasjonen og utfordringane når det gjeld tryggleik. Det aukar sjansen for at gode løysingar vinn fram i marknaden. Eit viktig bidrag her er Finanstilsynet sine analysar av risiko og sårbarheit. Kortproblema i april 2011 syntet at det var svikt i dei tekniske rutinane hjå viktige deltakarar i systema på same tid som prosedyrane dei hadde for å rette opp feil som hadde oppstått, òg hadde manglar. Korkje det opphavlege problemet eller følgjefilen hadde funne stad om aktørane hadde etterlevd si sjølvstendige plikt til å tilby robuste system med pålitelege reserveløysingar til kvar tid.


Nivået på svindel med betalingsinstrument er lågt i Noreg samanlikna med andre land, men trusselbiletet er under stadig endring. Bankane har difor stadig utfordringar knytte til eit godt tryggleiksnivå. Nye betalingsløysingar kan ikkje verte populære utan at brukarane kjennen seg trygge. Framstøytar for effektivisering må difor alltid gå hand i hand med god tryggleik.

Samanlikna med andre land går betalingar raskt i Noreg. Forventninga til kor raskt ei betaling kan verte utførd, aukar og set krav til at betalingssystemet vert utvikla vidare. Det er frå 2010 innført eit nytt dagleg nettooppgjer mellom bankane, slik at det no er tre kvar dag. Tre daglege oppgjer gir raskare betalingar, likviditet kan bli utnytta meir effektivt og det legg godt til rette for konkurransen.


I tillegg følgjer ein med dette opp nytt norsk og internasjonalt regelverk og utviklinga i marknadene internasjonalt. Det er positivt at bankane i Noreg tek del i arbeidet med felles europeiske betalingsløysingar. Det gir norske verksemder og privatpersonar tilgang til like effektive løysingar for eurobetaling som konkurrentar i andre land.

¹ Dette er drøfta i Noregs Bank (2010c) og av Nilssen (2011).

Figur 1.1 Kontantar i omløp. Målt som del av betalingsmiddel (M1), konsum i hushalda og BNP Fastlands-Noreg. Prosent. 2000–2010



Figur 1.2 Kontantar som del av betalingsmiddel (M1) i utvalde land. Prosent. 2009



Dei siste tiåra har mellom anna desse tre utviklingstrekkene gitt auka effektivitet og tryggleik i betalingstenestene i Noreg:

- Nettbanken, som kom midt på nittitalet og har teke over for blankettbasert giro.
- Betaling med kort har teke over for ein stor del av bruken av sjekk og kontantar.
- Overgangen til betalingskort med chip, som snart er fullført.

Framover kan auka utnytting av elektronisk kommunikasjon knytt til betalingar mellom føretak vise seg også å gje stor vinst for samfunnet.

1.1 Bruk av kontantar

Etterspurnaden etter kontantar vert bestemt av brukarane, som nyttar kontantar i det omfanget dei ynskjer. Kontantar vert nytta mellom anna fordi oppgjeret kan gjerast endeleg utan tilgang på elektroniske hjelpeinstrument. Kontantar har difor også ei rolle som betalingsinstrument når andre samfunnsfunksjonar er ute av drift.

Det er viktig at valet av betalingsinstrument skjer på eit rett grunnlag. Det føreset at uttak og bruk av kontantar har ein rett pris. Prisen bør spegle kostnadene som bankar og andre har ved å syte for at kontantar står til rådvelde for ålmenta. Dette fører til meir effektiv samfunnsøkonomi.

Noregs Bank si rolle og verksemد på kontantområdet er nærmere drøfta i Eklund, Nygård og Veggum (2010). Arbeidsdelinga innan kontantforsyninga vil halde fram, slik at Noregs Bank forsyner bankane med kontantar og bankane står for den vidare distribusjonen til publikum.


Statistikken syner at reduksjonen i kontantar som del av betalingsinstrument i sirkulasjon (M1) held fram. Kontantdelen var ved utgangen av 2010 6,2 prosent, eit fall frå 6,5 prosent siste året, sjå figur 1.1.

Den delen som kontantar utgjer av betalingsmidla, er lågare i Noreg enn i dei fleste andre land, sjå figur 1.2.

Brukarane kan skaffe seg kontantar i bankfilialar, minibankar og på mange handelsstader. Dei siste tiåra har talet på tradisjonelle bankfilialar falle. I 2010 hadde bankane 1157 eksedisjonsstader², eit fall med 300 frå år 2000.

² Finansnæringens Fellesorganisasjon (FNO) er kjelde for talet på eksedisjonsstader. Somme eksedisjonsstader tilbyr ikkje ut- og innlevering av kontantar.

Figur 1.3 Talet på betalingsterminalar på handelsstad og talet på minibankar. Per tusen innbyggjarar. 2000–2010



Kjelde: Noregs Bank

Talet på minibankar har endra seg lite det siste tiåret og var størst ved utgangen av 2008. Talet på uttak frå minibankar var størst i 2001, og har minka med 24 prosent sidan toppen. Det har samstundes blitt fleire betalingsterminalar på handelsstader der kundar kan ta ut kontantar. Også talet på uttak i butikk går ned.

Reduksjonen i kontantane sin del av betalingsmidla og nedgangen i uttak av kontantar frå minibank og butikk gir grunn til å tru at bruken av kontantar til betalingar fell.³

Ved utgangen av 2010 var det plassert ut 123 500 betalingsterminalar på 97 700 ulike stader, det vil seie hjå butikkar og andre betalingsmottakarar.⁴ Det kan sjå ut som marknaden snart er metta, ettersom auken i utplasserte terminalar dei siste par åra har vore moderat, sjå figur 1.3.


1.2 Kortbetalingar

I 2010 vart det i gjennomsnitt utført 3,2 millionar kortbetalingar kvar dag i Noreg. Auken er på meir enn 8 prosent det siste året, og godt over 50 prosent dei siste fem åra. Auken har ført til at verdien på kortbetalingane

³ Gresvik og Haare (2008) fann at om lag 25 prosent av betalingane vart gjorde med kontantar i 2007. Talet er usikert, og ulike metodar for berekning kan gje ulike resultat. Dei totale kostnadene ved kontantbruken avheng mest av kostnadene til distribusjon, og desse kostnadene er lite påverka av talet på kontanttransaksjonar.

⁴ I tillegg kjem terminalar i drosjar, i somme hotell mv. som ikkje godtek BankAxept-kort. Slike terminalar er ikkje dekte av statistikken.

Figur 1.4 Verdi av varekjøp med betalingskort. Som del av konsum i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. Prosent. 2000–2010




Kjelde: Noregs Bank

svarer til nær halvparten av det samla private konsumet i Noreg, sjå figur 1.4.

I 2010 vart kort ferda ut i Noreg nytta til 1,37 milliardar betalingar og kontantuttak. Det er ein auke på 9 prosent frå året før. I gjennomsnitt nytta kvar innbyggjar kortet 281 gonger i Noreg eller i utlandet. Ei internasjonal samanlikning av kortbruken i 2009 plasserer Noreg nær verdstoppen, sjå figur 1.5. Auken av norsk kortbruk i 2010 borgar for at dette held fram også i 2010.

Bankane i Noreg samarbeider om eit norsk kortsystem, BankAxept, sjå ramme på side 8. BankAxept er det

Figur 1.5 Korttransaksjonar per innbyggjar. Betalingar og kontantuttak i 2009



Kjelder: Noregs Bank, ECB, BIS/CPSS og Seðlabanki Islands

Korleis fungerer BankAxept?

Kortbetalingar kan ein gjere med debetkort, faktureringskort eller kredittkort:

- Med debetkort blir beløpet belasta kontoen til betalarne når kortet blir brukt
- Med faktureringskort får brukaren kvar månad ein faktura for kjøp som er gjorde
- Med kredittkort kan brukaren trekke opp kreditt opp til ei grense. Brukaren må betale attende heilt eller delvis ved forfall, og det vert rekna renter på utnytta kreditt etter reglane for kortet.

I Noreg og i dei fleste europeiske landa skjer størstedelen av betalingane med debetkort. Til dømes vert debetkort nytta i mellom 73 og 96 prosent av kortbetalingane i Belgia, Danmark, Sverige, Nederland og Storbritannia. I Noreg er BankAxept det nasjonale systemet for korttransaksjonar. Åtte av ti kortbetalingar i Noreg blir utførde med eit BankAxept-kort. Dei aller fleste av desse betalingane fell inn under kategorien debetkorttransaksjonar. Størstedelen av BankAxept-korta har også

ei anna betalingsløysing. BankAxept blir likevel automatisk vald i dei fleste betalingsterminalane dersom betalarne ikkje aktivt vel ei anna betalingsløysing.

Gjennom BankAxept er systema til bankane samkøyrd slik at det er mogeleg å betale med kort i butikkar. Avtaleverket for BankAxept blir administrert av Finansnæringens Fellesorganisasjon (FNO). Tryggingskrava vert fastsette av Bankenes standardiseringskontor (BSK).


Avtaler og prisar

For å kunne tilby betalingar med BankAxept må butikken (brukarstad) ha avtale med ein bank om innløysing av transaksjonar. Innløysing inneber at kontoen til brukarstaden vert godskriven for alle betalingar som er gjorde med BankAxept på butikkterminalane over ein periode. Terminalane som butikken treng, kan anten leigast eller kjøpast av bankar eller av andre leverandørar. Betalarane må ha sluttat avtale med ein bank om å knyte eit BankAxept-kort til kontoen sin.

Normalt er det slik at både betalarne og brukarstaden betaler for bruken av tenestene. For brukaren betaler ei årsavgift for å ha eit kort og ein pris for kvar transaksjon (prisane kan vere null). Brukarstaden betaler ei avgift for terminalane, ei avgift for kvar transaksjon som blir gjennomført, og ei avgift for kvart oppgjer. Transaksjonsavgifta avheng ikkje av om det blir gjort uttak av kontantar frå betalingsterminalen. Oppgjersavgifta kan avhenge av talet på terminalar, brukarstader, logiske terminalar¹ eller ein kombinasjon. Enkelte bankar har sett ei eller fleire av desse avgiftene lik null, både for betalar og brukarstad. Dette gjeld særleg avgifter for kvar transaksjon.²

Kva skjer når det vert gjort ei betaling?

Idet kunden brukar kortet, vert kortinformasjonen registrert på terminalen. Kunden vert spurð om å oppgi pin-koden, og det vert danna ein førespurnad om å autorisere betalinga. Førespurnaden vert send til eit felles sentralt innsamlingspunkt.³ Der vert det kontrollert at det er bruk rett pin-kode, og at innhaldet kan prosesserast og kjem frå ein ekte terminal på ein verkeleg brukarstad. Frå innsamlingspunktet blir autorisasjonsførespurnaden formidla



¹ Fleire brukarstader kan bruke den same fysiske terminalen. Kvar brukarstad får då ein eigen logisk terminal. Dette kan vere tilfellet om fleire mindre butikkar i eit kjøpesenter deler ein terminal.

² Marknaden for betalingskort er eit eksempel på ein tosidiig marknad, og det gir incentiv til anna prisåterferd enn vanlege einsidige marknader. Slike marknader er drøfta i Noregs Bank (2008) og av Vale (2010).

³ Bankane har sluttat avtale om at alle BankAxept-transaksjonar skal samlast inn gjennom eit sentralt innsamlingspunkt som blir levert av Nets Norge Infrastruktur AS (NNI). NNI er eit datterselskap av Nets (tidlegare BBS).

vidare til utferdarbanken (banken til korthaldaren), sjå figuren.

Utferdarbanken kontrollerer at vil-kåra for å autorisere transaksjonen er til stades: At kortet ikkje er sperra og at det er dekning. Svaret (ja eller nei) sender utferdarbanken tilbake til det felles innsamlingspunktet, som så sender informasjonen vidare til terminalen på brukarstaden, der

resultatet vert vist på skjermen. Alt dette skjer normalt på under eit halvt sekund.

NNI lagar deretter transaksjonsdata (beløpstransaksjonar) som vert sende til NICS⁴ for avrekning og oppgjer mellom bankane. Avrekning og oppgjer av slike transaksjonar

⁴ NICS: Norwegian Interbank Clearing System

finn stad tre gonger kvar vekedag, og fram til oppgjeret er det autoriserte beløpet bandlagt på betalaren sin konto slik at det ikkje kan nytast ein gong til. Etter oppgjeret formidlar NICS desse transaksjonsdata til innløysarbanken (brukarsta-den sin bank) for godskriving på kontoen til brukarstaden og til utferdarbanken for belasting av kontoen til betalaren.

dominerande kortsystemet i Noreg, sjå figur 1.6. BankAxept sin del av den totale bruken av norske kort har minka med eitt prosentpoeng det siste året.

Medan samla bruk av kort som er utferda i Noreg, auka med 9 prosent frå 2009 til 2010, har bruken av norske kort utanfor Noreg auka med 20 prosent. Bruk i utlandet er no 7½ prosent av den totale bruken av norske kort.


Det vart ferda ut 12,1 millionar betalingskort i Noreg ved utgangen av 2010, ein auke på snautt 4 prosent frå året før. Mange kort har meir enn ein betalingsfunksjon, det vil seie at eit kort kan gi tilgang til meir enn eitt kort-system. Til dømes er BankAxept og Visa ofte kombinerte i same kort. På slike kort vert BankAxept ofta nyttet i Noreg. I utlandet blir Visa mest nyttet, ettersom BankAxept berre kan nyttast somme stader der nordmenn ofte handlar (til dømes i Strømstad).

1.3 Rekningsbetalingar

Totalt vart det gjort 372 millionar nettbankbetalingar i 2010, ein auke på vel 6 prosent frå året før. Det er 66 prosent av alle rekningsbetalingane. Talet på blankett-giroar frå bedrifter og private fall med 25 prosent frå 2009 til 2010 og utgjer no om lag 4½ prosent av rekningsbetalingane.

Direkte debitering (stort sett AvtaleGiro) auka med nesten 11 prosent i høve til året før, men står berre for snautt 12 prosent av rekningsbetalingane. Både mottakaren og

Figur 1.6 Bruk av betalingskort. Milliardar kroner. 2000–2010



betalaren må ha avtale med banken sin for å gjennomføre ei direkte debitering. Den siste delen av totalmarknaden, om lag 17 prosent, gjeld mellom anna betalingar frå bedriftsterminalar, faste elektroniske oppdrag og kontante innbetalingar.

Ved utløpet av 2010 hadde 12 600 føretak til saman nær 12 millionar avtaler med kundar om direkte debiteringer. Dette var ein auke med høvesvis 6 og 11 prosent frå 2009.

Fakturaer kan sendast ut på papir i vanleg post eller direkte til nettbanken som elektronisk faktura. Talet på avtaler om å nytte elektronisk fakturering auka sterkt i 2010. Om lag 770 føretak kan nå sende elektroniske fakturaer til personkundar. Det vart utført om lag 29

E-faktura B2C, G2C, B2B og B2G¹

Marknaden for eFaktura i dag¹

Det vert skrive ut ca. 500 millionar fakturaer per år i Noreg. Av desse vert 55 prosent sende til privatkunder (B2C og G2C) og 45 prosent til bedriftskunder (B2B). I 2010 var 13 prosent av fakturaene til privatkunder vert sende som eFaktura frå bedrifter og offentlege instansar. Desse marknadene er i kraftig vekst.

Ein reknar med at elektroniske innkjøpsordningar, og då særleg bruk av eFaktura, kan føre til store innsparingar i offentleg sektor. Gevinstanse ved eFaktura i statleg verksemder inkludert helseføretaka er av Regjeringa (2009) vurdert til meir enn 1,1 milliard kroner over 10-årsperioden 2009-2018. Det vil bli laga eit tilsvarende overslag over potensialet for sparing innan kommunal sektor.

«Partnarprogrammet» i Nets forvaltar og inngår avtaler med mellom anna leverandørar av økonomi- og fagsystem for handtering av eFaktura til bedriftsmarknaden. Programmet har som mål å leggje til rette for bankane si eFakturaløysing i systemopplegget til desse leverandørane. Leverandørane kan også få støtte og rådgjeving.

B2G (business to government)

Det vil bli stor vekst i marknaden B2G framover. Den 8. juni 2010 endra Finansdepartementet «Bestemmelser for økonomistyring i staten» slik at alle fakturaer til og frå statlege verksemder skal vere elektroniske. Statlege verksemder (inklusive helseføretaka) fekk ein overgangsperiode på vel eitt år fram til 1. juli 2011, da verksemdene skal vere i stand til å ta imot elektroniske fakturaer på standardformat. Den same overgangsperioden gjeld også for å få på plass elektronisk system for utsending av fakturaer.

B2B (business to business)

I bedriftsmarknaden er så langt volumet lågt og kundane få. Rekningsbetalning mellom bedrifter skjer i dag i stor grad elektronisk (ved bruk av nettbank for føretak og bedriftsterminalgiro), men betalingsmottakaren sender oftast likevel framleis ein fysisk faktura til betalaren. Derved har betalingsmottakaren kostnader til utskrift og porto, medan betalaren får høgare kostnader enn nødvendig til attestering, anvisning, arkivering etc. Ei heilelektronisk løysing vil derfor redusere kostnadene for både betalingsmottakarar og betalarar.

Kjernen i bankane si løysing er «transport» av filinformasjon som er tilpassa bedrifter som sender eller mottek fakturaer. Ei bedrift med eFakturaløysing frå systemleverandør som er knytt til partnarprogrammet kan motta elektroniske fakturaer frå andre bedrifter som har avtale med banken sin om utskriving av eFaktura. Det trengst ikkje teknisk tilrettelegging mot kvar enkelt slik leverandørbedrift. Det er tilstrekkeleg å gjøre dette mot banken. Opplegget omfattar også noko automatisk korttidslagring, og det har fleksibilitet i form av val mellom ulike filformat.

Regjeringas ambisjon er at det frå sommaren 2012 skal vere på plass eit juridisk krav om at leverandørar til statlege verksemder må levere eFaktura. Tidlegare er det sagt at det vert lagt opp til ein eigen nettportal for leverandørar som ikkje har eiga elektronisk løysing, sjå Regjeringa (2009). Det er òg ein ambisjonen at det same systemet skal gjelde for kommunar og anna offentleg forvalting frå 1. juli 2013.

I Noreg har «Banknettverket»² etablert ei felles eFakturaløysing B2B. Nettverket samarbeider om å hjelpe kundane med å sikre at utferdarar og mottakarar av eFaktura får fullt utbytte av ordninga. Infrastrukturselskapet Nets og EDB ErgoGroup er viktige samarbeidspartnarar til nettverket.

Bedrifter som *mottek* fakturaer, og som vil ha dei elektronisk, kan få dei direkte i nettbank. Løysinga blir kalla «klikk og betal». Fakturaen blir «opna» i skjermbiletet, mottakaren må kontrollere, evt. endre og godkjenne før fakturaen blir lagt til automatisk betaling i nettbanken. Det er eit vilkår at utferdaren har avtale om dette med banken sin.

¹ B2C – Business to consumers, G2C – Government to consumers, B2B – Business to business, B2G – Business to government.

² Nettverket vart skipa i 2008 og har no som medlemmer bankane DNB NOR, Fokus Bank, Handelsbanken, Nordea, SEB, Sparebanken Møre, Sparebanken Vest, Sparebanken Sogn og Fjordane, Swedbank og bankalliansane Terra og SpareBank 1.

For bedrifter som *sender ut* fakturaer, finst det ei nettbankfakturaløysing (WEB faktura). Den elektro-

niske fakturaen blir laga i fakturautferdarens nettbank. Han vert anten send som eFaktura til kundar som har avtale med banken sin om elektronisk mottak av faktura, eller som papirfaktura til kundar som ikkje kan ta imot eFaktura via banknettverket. Løysinga kan nyttast av små og mellomstore bedrifter som ikkje har eige faktureringssystem.

Det vil vere mogeleg å sende og ta imot elektroniske fakturaer uavhengig av bank, format og systemleverandør. Det same formatet kan ein også bruke til å sende eFaktura til privatpersonar. Dei nødvendige data til fakturaene trekkjer seljaren ut frå sitt eige økonomisystem og eksperderer vidare i eit avtalt format. Dette

kan gjerast direkte eller via ein formidlar. Fordelen ved å nytte ein formidlar er at bedrifa då kan halde seg til éin adressat for informasjonen i staden for å sende informasjon direkte til kvar mottakar. Dersom fakturamottakaren også er knytt opp med ei eFakturaløysing, vil fakturainformasjonen utløyse ei betaling på grunnlag av den fakturainformasjonen som er lesen inn.

For fakturasendaren gir løysinga som er forklart over, færre manuelle arbeidsoperasjoner og lågare kostnader til utskriving av faktura, pakkning for utsending, porto etc. Fakturamottakaren vil få redusert manuell behandling og kontroll av fakturaene. Sortering, registrering og scan-

ning av fakturaene fell bort, og godkjenning kan gjerast utan manuelle rutinar.


Nærings og ulike konsulentselskap har presentert estimat for kor mykje betalingsmottakaren og betalaren vil spare ved å gå over til ei heilt ut elektronisk løysing, sjå Lind (2010). Estimata er svært usikre, men alle indikerer at det vil vere svært omfattande summar å spare ved å erstatte delvis papirbaserte løysingar med heilelektroniske løysingar. Kostnadene ved utgåande fakturaer er stort sett variable, medan kostnadene ved inngående fakturaer i stor grad er faste lønnskostnader. Innsparinga vil derfor kome raskare ved utgåande fakturaer.

millionar elektroniske fakturaer (eFakturaer) i 2010, mot om lag 24 millionar året før. E-faktura vart i 2010 nytta ved vel 13 prosent av betalingane frå personkundar med bruk av nettbank eller AvtaleGiro.

Kostnadene kan bli reduserte dersom fleire fakturaer blir utferda elektronisk. Særleg er potensialet stort i betaling mellom føretak og mellom føretak og offentlege innkrevjarar, sjå ramme på side 10.

Figur 1.7 viser bruken av betalingstenester som personkundar har til betaling av rekningar mv. FNO si undersøking av dagleg bankbruk⁵ syner liten vekst i nettbankbruk for aldersgruppene under 50 år etter 2009, men det er ein klår auke i bruken av nettbank for dei eldre aldersgruppene også i 2010 og 2011.

Figur 1.7 Betalingstenester retta mot personkundar for betaling av rekningar med vidare. Millionar transaksjonar. 2000–2010



⁵ Sparebankforeininga si nettbankundersøking er vidareført av FNO under namnet «Dagligbankundersøkelsen», sjå <http://www.fno.no/no/hoved/aktuelt/sporreundersokser/dagligbankundersokelsen/>.

1.4 Prisar i og inntekter frå betalingsformidling


Prisar

Bankane tek betalt for fleire tenester knytte til kortbetalinger. Desse prisane er ulike for kundar i og utanfor såkalla kundeprogram. I kundeprogram vert det gitt rabattar mot at kundane nyttar særskilde kontoar eller tenester eller at dei betaler ei fast årsavgift. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept er no under 10 øre for kundar i slike program, og om lag 1,60 kroner for kundar utan kundeprogram.

Ofte skal det også betalast årsavgift for betalingskort. Gjennomsnittleg årsavgift for BankAxept-kort kombinert med det internasjonale kortet Visa er om lag 245 kroner utanfor og om lag 190 kroner innanfor kundeprogram.

Kostnadsnivået for betaling av rekningar varierer mykje mellom ulike tenestetypar, sjå Gresvik og Haare (2009). Elektroniske tenester som AvtaleGiro, elektronisk faktura og nettbank har mykje lågare kostnader enn papirbaserte tenester. Dette blir reflektert i prisane bankane set. For eksempel kostar ein nettbanktransaksjon for personkundar ca. 30 øre, medan betaling med giro i skranke kostar om lag 40 kroner. I Noregs Bank (2009) er det vist korleis prisane reflekterer kostnadene bankane har ved å levere ulike betalingstenester.

Figur 1.8 Bankanes inntekter frå betalingsformidling.
Milliardar kroner. 2005–2010



Tabell 21 og 22 bak i rapporten gir oversyn over prisar på betalingstenester for både person- og føretakskundar.

Inntekter

I 2010 hadde bankane om lag 6 milliardar kroner i inntekter frå betalingsformidling. Over halvparten var frå betalingskort, sjå figur 1.8. Bankane sine inntekter frå betalingsformidling har vore nokså stabile dei siste åra.


Auken i utbreiinga av betalingskort har auka inntektene frå betalingskort dei tre siste åra i høve til åra før. Frå 2005 til 2010 har talet på varekjøp med BankAxept auka med 420 millionar transaksjonar, medan verdien av varekjøp med BankAxept-kort har auka med om lag 100 milliardar kroner. Gresvik og Haare (2009) synte at i 2007 dekte bankane sine inntekter frå betalingsformidling om lag 70 prosent av kostnadene dei hadde i produksjonen av desse tenestene.

1.5 Tryggleik

Kontantar

Pengefalsk er eit problem for sentralbankar i mange land. I Noreg held talet på inndregne falske setlar seg lågt, sjå figur 1.9. Det er ein auke i talet på inndregne falske 1000-kronesetlar. Kvaliteten på desse setlane er etter Noregs Banks si vurdering så dårlig at setlar produserte på same vis er lett å oppdage. Oppdaga falske setlar som

Figur 1.9 Talet på inndregne falske setlar. 2000–2010



del av seteltalet i sirkulasjon i Noreg er lågare enn 10 prosent av tilsvarende tal for eurosona.

Nettbank og kort

Det har vore få vellukka forsøk på bedrageri knytt til nettbank, men talet på trugsmål har auka. Mellom anna har det vore fleire angrep gjennom såkalla «trojanarar»⁶. Denne typen kriminalitet finn ofte nye former. Tapa har til no vore avgrensa.

BankID og BankAxess er etablerte for å gje tryggleik ved betalingar på kjøpsstader og over internett. Sjå tekstsoksane på denne sida om dette.

Finanstilsynet⁷ peikar på at åtaka mot minibankar no nyttar ein annan teknologi enn midt på 2000-tallet. Åtak mot minibankar er eit risikoområde som tilsynet skal følgje med særleg merksemd i 2011.

Det vart registrert tap ved bruk av betalingskort for over 66,5 millionar kroner i Noreg i 2. halvår av 2010. FNO har rapportert om tap på 200 millionar kroner i heile 2010. Dette talet, til liks med historiske tal, er ein kombinasjon av rapporterte og estimerte tap. Basert på desse tala ser tendensen ut til å vere ein reduksjon. I eit samarbeid mellom Finanstilsynet og FNO vert det arbeidd med å kunne presentere korrekte tal. Ein ny mal for rapportering av tap er utarbeidd. Han vart nytta frå 2. halvår 2010 og vil gi betre tal frametter.

Frå 2009 starta ein å innføre chip på norske betalingskort og chiplesar på terminalar. Overgangen til kort med chip held fram. Føremålet med chip på betalingskort er å redusere risikoen for at informasjonen på eit betalingskort blir kopiert over på eit nytt falskt kort. Ambisjonen til næringa er at korta som berre har magnetstripe skal vere fasa ut ved utgangen av 2011. Om lag halvdelen av korta som berre hadde magnetstripe ved starten av 2010, vart tekne ut av bruk gjennom året. Kortbruken vert tryggare

⁶ «Trojanarar» er programvare som har trengt seg inn på personlege datamaskinar. Trojanarar vert nytta av kriminelle for å få tilgang til maskineigarenes identitet og passord.

⁷ Omtalen av tryggleik i nettbank og ved kortbruk bygger på tal og vurderinger frå Finanstilsynet (2011).

BankID

BankID er ein personleg elektronisk legitimasjon for identifisering og signering på internett. Som oftest blir BankID nytta til pålogging og signering i nettbanken. BankID kan også brukast mot kortselskap og forsikringsselskap, til nett-handel og i samband med somme offentlege tenester på nettet.¹

BankID vert tilbode og utferda av bankane i Noreg. Det var ved utgangen av 2010 ferda ut 2,7 millionar BankID-sertifikat til 2,4 millionar personar. Ifølgje FNOs daglegbankundersøking er det no 77 prosent av nettbankbrukarane som har BankID. BankID vart i gjennomsnitt brukt 900 tusen gonger kvar dag i 2010 etter ein auke på 50 tusen per dag det siste året.

I mars 2009 vart BankID på mobil lansert. Dette er ein type BankID der tryggingselementa ligg lagra i SIM-kortet i mobiltelefonen. Dersom ein har BankID på mobil, kan ein mellom anna logge seg på nettbanken utan kodebrikke.

¹ Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har til no ikkje opna for bruk av BankID i den offentlege ID-porten.

BankAxess

BankAxess er ei betalingsteneste for bruk ved handel på Internett som vert tilbode av bankane i Noreg. Når ein betaler med BankAxess, legitimerer ein seg og godkjenner betalinga med BankID som er utferda av banken. Bank og kunde kan saman avtala nærmare vilkår for BankAxess, til dømes beløpsgrenser, reservasjon av kjøpsbeløp, varsel ved manglende dekning mv. Ved utgangen av 2010 var det om lag 1,2 millionar forbrukarar med avtale om BankAxess.

Også seljaren må ha BankID for at ein skal kunne nytte BankAxess. Ved årsskiftet hadde om lag 300 brukarstader BankID. 120 av desse tilbaud betaling med BankAxess. I 2010 blei det gjort om lag 137 tusen betalingar med BankAxess for totalt 240 millionar kroner. Det var ein auke frå om lag 44 tusen betalingar for 66 millionar kroner i 2009. FNO ventar vidare vekst i talet på BankAxess-brukarar og -betalinger. BankAxess på mobil vil truleg bli lansert i løpet av 2011.

med denne endringa. Alle terminalar i BankAxept-systemet skal lese naudsynt informasjon frå chip seinast 1. desember 2011.

Ikkje alle land har innført chiplesar på terminalar og minibankar. Det kan føre til at ein må ha magnetstripe på korta lenger enn ønskjeleg for det nasjonale betalingsinstrumentet.

Utkontraktering

Ei anna side ved tryggleik gjeld leveransane frå tenesteytarane. Utkontraktering av arbeidsoppgåver frå verksemda («outsourcing») eller frå landet («offshoring») kan vere utfordringar.

Moderne IT-løysingar er ein umissande del av moderne betalingssystem. Det gir store faste kostnader både til drift og utvikling. Eksterne tenesteleverandørar som leverer tenester til fleire institusjonar, kan oppnå større volum enn enkeltinstitusjonar, og dermed få lågare einingskostnader. Finansinstitusjonar har derfor i aukande grad valt å kjøpe IT-løysingar av eksterne tenesteleverandørar.

Overføring av oppgåver til eksterne tenesteleverandørar endrar risikobiletet, men systemeigarane (ofte bankar) har ansvar for å kontrollere at dei utkontrakteerde tenestene vert leverte slik det er spesifisert. Tilsynsstyresmaktene følgjer mellom anna opp driftsstabiliteten og korleis systemeigaren legg opp organisering og risikostyring. Tilsynsarbeidet vert vanskelegare, og risikoen ved verksemda kan auke, dersom operasjonar blir overførde til andre land (offshoring). Særleg gjeld dette dersom utkontrakteringa er til leverandørar og selskap med base i land der ein ikkje kan vere trygge på forretningsmoral eller der korruption og politisk uro kan truge stabiliteten i leveransane.

Styresmaktene stiller derfor vilkår som må oppfyllast ved kjøp av tenester frå slike land. I rundskriv er det gitt retningsliner for kva slag risikovurderingar bankar og andre tenesteleverandørar som inngår i det norske betalingssystemet, bør utføre ved utflytting av IKT-tenester, sjå Finanstilsynet (2010a). Det går mellom anna fram

at ein bør unngå utflytting til land som har høg korruptionsrisiko. Pålegg frå norske styresmakter skal gjenomførast på same måte som om verksemda hadde skjedd i Noreg.

1.6 Nye betalingstenester

Dei seinare åra er det kome fleire nye betalingsløysingar. Dei fleste bankane i Noreg tilbyr no banktenester for mobiltelefon ved bruk av tekstmelding (SMS). Kunden kan overføre pengar mellom kontoane sine og få saldo-informasjonen ved å sende ein SMS til banken. Enkelte bankar tilbyr kundane å bruke SMS for å overføre pengar til ei førehandsdefinert gruppe av mottakarar. Det er også mogeleg å logge seg på nettbanken via internett på mobilen og betale rekningar og overføre pengar derifrå. Nokre bankar utviklar no saman med teleselskap løysingar for kontaktlause betalingar, der ein nyttar såkalla nærfelt-kommunikasjon (*near-field-communication – NFC*). Ein mobiltelefon som er NFC-kompatibel kan haldast nært inntil ein NFC-betalingsterminal, og det avtalte beløpet blir då trekt frå eigaren sin konto.

Det blir også arbeidd med å utvikle kontaktlause betalingskort. Dette skal fungere på tilsvarende måte som for mobilbetalingar, men det er då eit betalingskort som blir halde framfor betalingsterminalen. Visa har sett grensa for betalingar utan bruk av personleg identitetskode (pin) til 175 kroner no i testfasen. Kunden vil dermed ikkje trenge å taste pinkoden for betalingar under 175 kroner. Når det er betalt mange gonger, eller summen kjem over ei sumgrense som vert sett av banken som har ferda ut kortet, blir pinkode kravd. Når koden er godteken, blir summeringa nullstilt. Kunden kan då på ny bruke opp til sumgrensa før pinkoden må tastast igjen. Kontaktlause betalingar er allereie blitt lansert i Europa og USA. I Noreg arbeider SpareBank 1 SMN med ein prøveversjon som vart teken i bruk i Trondheim tidleg i 2011.

Til no er inntrykket at kontaktlause betalingar er mest utbreidd i land med relativt liten bruk av debetkort, eller der det å betale med kort tar lengre tid enn det normalt gjer i Noreg.

Uformelle system for pengeoverføring (Hawala)

Immigrasjon til Europa frå Afrika og Asia har gitt ein stor marknad for private overføringer frå dei utvandra til familie i «gamelandet». Mange mottakarar bur i land der bankvesenet er lite utbygd, og dei er ofte sjølv ikkje kundar av bankar slik at overføringane ikkje kan gå frå konto til konto. Marknaden for overføringer der delar av verdioverføringa går utanom bank har til no ikkje vore regulert på europeisk nivå. Betalingstenestedirektivet set ein standard for regulering av slik verksemd innan EØS-området.

Dei uformelle verdioverføringssystema som er nyttar, vert ofte kalla hawala-system. Slike system gjer det mogeleg å sende pengar til familie eller andre mottakarar som bur i delar av verda som ikkje har eit velfungerande banksystem. Slike overføringer er viktige bidrag til den lokale økonomien i mange fattige land. I 2007 vart det globalt registrert overføringer frå immigrantar og etterkomarane deira til familie i

utviklingsland for meir enn 340 milliardar dollar, sjå Ratha og Mohapatra (2008). Det er meir enn dobbelt så mykje som all offisiell utviklingshjelp til saman. Det finst ikkje nøyaktige tal på kor mykje pengar som vert overført frå Noreg. Fram til 2011 har det vore verksemd i system utan konsesjon frå Finanstilsynet i Noreg. Marknaden for slike pengeoverføringer har vore lite transparent, og kostnadene ved å overføre pengar kan vere høge.

I 2010 vart finansieringsverksemduova endra for å leggje betre til rette for at uformelle verdioverføringssystem kan bli lovlege. Det nye kapitlet 4b har reglar om kven som kan yte betalingstenester, og § 4b-3 i lova opnar òg for betalingsføretak som berre kan tilby eit avgrensa omfang av pengeoverføringer. Finansdepartementet (2011) skriv at det i ein overgangsperiode fram til 1. juli 2011 vil bli lagt mindre vekt på det generelle kravet om at personar med ansvar for leiing eller drift av slik

verksemd har tidlegare erfaring med å drive betalingsarbeid. Det blir gjort for å få slik verksemd inn i lovlege former. Løyvet vil då bli gitt med ei tidsavgrensing på to år, og det må søkjast på nytt om verksemda skal fortsetje. Ved utløpet mars 2011 er to søknader godkjende.

Hausten 2010 lanserte Finansportalen tenesta «Sende pengar heim». Tenesta samanliknar prisane frå ei rekke ulike aktørar til ulike land, og viser korleis ein kan overføre pengar billigast mogeleg. Tenesta brukar berre informasjon frå lovlege pengeoverførarar, og hjelper forbrukaren med å sikre seg at mest mogeleg pengar når fram til mot-takaren. «Sende pengar heim» er utvikla av Finansportalen på initiativ frå regjeringa, og er finansiert av Utanriksdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Liknande nettportalar er utvikla i andre europeiske land. Det vil gi betre grunnlag for prissamanlikning.

1.7 Det europeiske betalingsområdet

I Europa går det føre seg eit viktig arbeid i SEPA-prosjektet (Single Euro Payments Area) med utvikling av betalingsinstrument som ein kan bruke for betalingar i euro både i kvart einskild land og på tvers av landegrenser i heile EØS-området og i Sveits. Om betalingar i euro vert gjorde i eit SEPA-format, vil det ikkje ha noko å seie om betalinga skjer innanfor eit enkelt land eller over landegrensene.⁸

SEPA har detaljerte reglar for korleis betalingsinstrumenta «direkte debitering» (SEPA direct debit) og «kreditoverføring» (SEPA credit transfer) skal vere utforma for at handteringa kan vere heilt elektronisk. Dessutan er det eit sett med reglar som skal sikre at betalingskort skal kunne brukast i heile området.

Direkte debitering er ei betaling som blir initiert av mot-takaren, medan kreditoverføring er ei betaling som blir initiert av betalaren. SEPA-produktet «direkte debitering» vart lansert i november 2009, medan «kreditoverføring» vart lansert i januar 2008. Trass i at dei aller fleste tilbydarar av betalingstenester i marknaden kan handsame

⁸ Utviklinga av SEPA og føresetnadene for ein sams betalingsmarknad er tidlegare omtalt i Haare (2008), Grønvik (2010) og i Noregs Bank (2010c).

SEPA-produkt, og at det mellom bankar og styresmakter er eit sterkt ønske om overgang til SEPA-produkt, har SEPA-produkta til no ikkje oppnådd store volum. Det er kostnadene som kjøparane av betalingssystemtenester vil få ved overgang frå eit system til eit anna som er det fremste hinderet. Kvar for seg har dei liten vinst ved å endra løysinga dei alt har og som fungerer for dei.

Den europeiske sentralbanken (ESB) kom i oktober 2010 med ein ny framdriftsrapport om SEPA, som viste at om lag 10 prosent av kreditoverføringane og 1 prosent av direkte debiteringar gjekk gjennom SEPA-løysingar hausten 2010. Dei resterande voluma gjekk gjennom nasjonale løysingar. For å auke bruken oppmodar ESB store kundar, som føretak og offentlege styresmakter, til å ta i bruk SEPA-løysingane. Rapporten peikar også på

at tidsfristar for endeleg innføring av SEPA-løysingar er naudsynt for å auke bruken av desse løysingane. Sluttdato for kreditoverføringane er i ESB sin framdriftsrapport føreslege til utgangen av 2012, medan endeleg innføring av dei direkte debiteringane er føreslege innan utgangen av 2013.

EU-kommisjonen (2010b) føreslår at endeleg sluttdato for bruk av nasjonale løysingar for kreditoverføringar vert fastsett til 12 månader etter at forordninga trer i kraft, medan nasjonale løysingar for direkte debitering må avviklast etter 24 månader. Ettersom EU-parlamentet og medlemslanda gjennom Rådet tidlegare har bede om forslag til eit slikt vedtak, er det grunn til å tru at endeleg vedtak kan verte gjort i 2011.

2. Interbanksystem mv.

Når privatpersonar og bedrifter utfører elektroniske betalingar, må dei involverte bankane syte for overføring av pengane seg imellom. I løpet av ein dag er det mange transaksjonar som må gjerast opp mellom bankar, og samla verdi av transaksjonane kan vere høg. Eit velfungerande betalingssystem gjer det mogeleg å gjennomføre pengeoverføringar på ein sikker måte og til avtalt tid. Dette er ein føresetnad for at publikum skal ha tillit til kontopengar. Svikt i betalingssystemet kan ha omfattande konsekvensar. Systemet kan bli ute av stand til å formidle betalingar knytte til handel med varer og tenester.

Tilsvarande må pengeoverføringane mellom bankar i samband med valutahandel eller verdipapirhandel bli gjennomført sikkert og effektivt.

Dei største overføringane mellom bankar gjeld overføringar knytte til den kortsiktige pengemarknaden mellom bankar. Denne marknaden syter for at pengar vert nytta effektivt til betalingar og kreditgjeving.

Alle desse overføringane mellom bankar skjer i interbanksystem, som er system for å avrekne transaksjonar og/eller overføre pengar mellom bankar. Interbanksystema er kjernen i den finansielle infrastrukturen.

Det er viktig for finansiell stabilitet at interbanksystema fungerer som dei skal til kvar tid. Sjølv kortvarige forstyrningar kan medføre at store summar ikkje kjem fram til mottakaren i rett tid. Tapa som kan oppstå ved ein svikt i eit interbanksystem, kan bli større for samfunnet enn for deltakarane i betalingssystemet. Dersom systemet blir utforma og drive berre ut frå interessene til deltakarane i systemet, kan det derfor bli lagt for lite vekt på å utforme trygge løysingar. I dei fleste utvikla økonomiane er dette løyst ved at sentralbankane har fått ansvaret for å overvake interbanksystema. Dei norske interbanksystema og sambandet mellom dei er omtalt i eiga ramme på side 18.

Noregs Bank har etter sentralbank- og betalingssystemlova ansvar for å føre tilsyn med viktige interbanksystem og å overvake heile betalingssystemet. Prinsippa for dette arbeidet og aktiviteten på området i 2010 er omtalt i del 2.1.

Del 2.2 omhandlar utviklinga for interbanksistema i Noreg i 2010. To viktige element var endring av driftsmønster for å få raskare oppgjer og fusjonar blant IT-leverandørane til bankar og interbanksystem.

Del 2.3 drøftar utviklingstrekk i dei oppgjerssystema for verdipapir- og valutahandel som Noregs Bank overvakar.

Del 2.4 omhandlar nye internasjonale utviklingstrekk som revisjon av den internasjonale standarden for tilsyn og overvaking av heile den finansielle infrastrukturen, utvikling av eit nytt fleirvaluta verdipapiroppgjersystem i Europa og nye EØS-reguleringar.

Ei samla vurdering av denne gjennomgangen er at norske system for avrekning og oppgjer held eit godt internasjonalt nivå. Det gjer dei mellom anna ved i all hovudsak å oppfylle internasjonalt formulerte standardar for beste praksis for tryggleik. Eigarane av systema føljer òg godt med på internasjonal utvikling og har arbeid i gang slik at dei norske systema også framover ser ut til å ville vere effektive og følje med på utviklinga i beste internasjonale praksis.

2.1 Noregs Bank si overvaking av og tilsyn med finansiell infrastruktur

Noregs Bank sitt ansvar for å fremje robuste og effektive betalings- og oppgjerssystem er fastsett ved lov. I arbeidet baserer Noregs Bank seg i hovudsak på internasjonale tilrådingar. Dei mest sentrale tilrådingane om interbanksystem er dei ti kjerneprinsippa utarbeidd av CPSS⁹, jf.

⁹ CPSS er kort for Committee on Payment and Settlement Systems. Komiteen er etablert som del av sentralbanksamarbeidet i BIS. Komiteen har mykje samarbeid med verdipapirtilsyna gjennom International Organisation of Securities Commissions (IOSCO).

Norske interbanksystem

Eit interbanksystem er basert på felles reglar for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom kreditteinstitusjonar. Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken i Noreg, sjå figur 1. Noregs Bank tek imot avrekningar frå NICS og VPO, og betalinigar som blir sende inn ein for ein frå norske bankar via NICS og frå CLS.

Frå NICS kjem det brutto- og nettooppgjer. Til bruttooppgjer vert alle store betalingar (over 25 millionar kroner) sende, og dessutan særskilt merkte transaksjonar. Desse transaksjonane blir gjorde opp i Noregs Bank ein for ein så snøgt som råd (i realtid).

Dei små betalingane, til dømes kort- og girobetalingar, blir avrekna mot kvarandre, slik at kvar bank får éin samla gjelds- eller fordringsposisjon

mot dei andre deltakarbankane. Avrekningane blir utførde av NICS. Transaksjonane som NICS tek imot, blir sende vidare til oppgjerssystema til DnB NOR, SpareBank 1 SMN og NBO (Noregs Banks oppgjerssystem). I oppgjersbankane blir pengar overførde mellom deltakarbankane sine kontoar slik at posisjonane blir gjorde opp. Dette blir kalla nettooppgjer.


Dei fleste store bankane og dei private oppgjersbankane er direkte med i nettooppgjeren i Noregs Bank. For dei bankane som har oppgjer gjennom ein privat oppgjersbank, tek oppgjersbanken over posisjonane og gjer opp på deira vegner i NBO. Bankar som nyttar ein privat oppgjersbank i nettooppgjeren, kan også velje å sende bruttotransaksjonar direkte til NBO.

Bankane kan dekkje gjeldsposisjonane sine i oppgjeren ved å trekke på innskot eller ta opp dagslån (D-lån) mot pant i Noregs Bank. Bankane som deltek gjennom ein privat oppgjersbank, kan trekke på kredittrammer dei har i oppgjersbanken.

I verdipapiroppgjeren (VPO) blir betalingar for handlar med aksjar, eigenkapitalbevis, sertifikat og obligasjoner gjorde opp. Oppgjeren av handel med aksjar og eigenkapitalbevis tek til med at desse handlane blir melde til Oslo Clearing, som i dag er den einaste sentrale motparten¹ for handel med eigenkapitalinstrument ved Oslo Børs. Oslo Clearing sender sine avrekna penge- og verdipapirposisjonar inn til VPS. Når det gjeld handel med obligasjoner og sertifikat, vert kvar handel send til VPS rett frå verdipapirføretaka. VPS reknar så ut ein verdipapirposisjon og ein pengeposisjon (dvs. kva dei einskilde deltarane skulda eller har til gode av verdipapir og pengar). Deretter blir verdipapira gjorde opp i VPS, medan dei tilhøyrande pengeposisjonane blir sende til NBO for oppgjer. Dei to systema er innretta slik at verdipapir berre blir leverte mot betaling, og omvendt, såkalla "Delivery versus Payment" (DvP).

Bankane sine pengeposisjonar frå handel med derivat gjennom sentrale motpartar blir gjorde opp i

Figur 1 Interbanksistema i Noreg¹



¹ Figuren gjev ikkje eit fullstendig bilet

Kjelde: Noregs Bank

¹ I figuren er CCP (central counterparty) nyttta for den sentrale motparten.

Noregs Bank eller ein privat oppgjersbank. Den sentrale motparten avreknar pengeposisjonane til partane og dei deltagande bankane og sender resultatet til Noregs Bank eller den private oppgjersbanken. Den sentrale motparten avsluttar så handelen med kvar av dei to partane.

Det er tre ulike sentrale motpartar for handel med derivat i Noreg: Oslo Clearing ASA (eigenkapitalinstrument som underliggjande), Nasdaq OMX Oslo NUF (tidlegare Nord Pool Clearing ASA) (kraftprisar) og NOS

Clearing ASA (fraktratar, laksekontraktar og kraftkontraktar). Pengeposisjonane frå Oslo Clearing blir gjorde opp i Noregs Bank, medan posisjonane frå dei to andre blir gjorde opp i private banker.

Valutahandel der norske kroner er involverte, vert for ein stor del gjorde opp i oppgjersbanken CLS. Oppgjeret i CLS sine konti skjer til fulle verdiar i begge dei involverte valutaene i kvar einskild handel. CLS har på førehand rekna ut netto likviditetsbehov for kvar einskild deltakar i alle valutaene. Betalingar til og

frå CLS i norske kroner vert gjorde direkte frå og til NBO. Oppgjersdeltakaren syter for at nettobeløpet det er gitt melding om, vert sendt inn. Oppgjersdeltakaren kan betale inn beløpet sjølv, eller nytte korrespondentbank for å gjere betalinga. Bankar i Noreg som deltek i CLS sitt system og er korrespondentbank for andre bankar utan eiga verksemd i Noreg, kan dermed på ein og same dag både måtte sende norske kroner til CLS på vegner av somme kundar (andre bankar) og komme til å ta imot norske kroner frå CLS til seg sjølv og til kundar.

CPSS (2001). Krava i den norske betalingssystemlova er baserte på desse tilrådingane frå CPSS. Noregs Bank har også nytte av tilrådingane om verdipapiroppgjersystem og sentrale motpartar i CPSS/IOSCO (2001 og 2004) som seinare er presiserte og skjerpa i ESCB-CESR (2009).¹⁰

Kjerneprinsippa gir retningslinjer for korleis juridisk, finansiell og operasjonell risiko skal handterast, og for korleis systema best blir effektive, opne og godt styrde. CPSS/IOSCO har no sendt utkast til nye kjerneprinsipp på høyring, sjå avsnitt 2.4.1.

I samsvar med gjeldande prinsipp overvakar Noregs Bank alle interbank- og verdipapiroppgjersystem i Noreg. Som overvakar kan Noregs Bank be om, men ikkje krevje informasjon om eller endringar i systema. Noregs Bank har kontakt med marknadsaktørar og publiserer analysar og vurderingar. Mellom anna søker Noregs Bank å informere om kjerneprinsippa. Denne kontakten gir Noregs Bank informasjon om systema og hove til å peike på eventuelle behov for endringar.

2.1.1 Arbeidet med interbanksystema

Noregs Bank fører tilsyn med konsesjonsbelagde interbanksystem. Det er to slike system, Norwegian Interbank Clearing System (NICS) og DnB NOR si verksemd som privat oppgjersbank. Tilsynet skjer gjennom jamlege møte med ansvarleg operatør og ved regelmessig rapportering som Noregs Bank krev. Alle større avvik skal rapporterast umiddelbart, og ein skal gi melding to månader før ein gjer endringar av noko omfang. I tillegg har Noregs Bank utarbeidd detaljerte krav til kva årsrapporten om systema skal innehalde. Næringa har også eit eige ansvar for å sjå til at systema er robuste. I tillegg vert Noregs Bank sitt oppgjerssystem (NBO) overvaka.

I 2010 var det to formelle tilsynsmøte med kvart system under tilsyn, og to overvakingsmøte om NBO. Systema sine rutinar for å følgje opp avvik i driftssituasjonen er eit fast punkt i møta. Som omtalt nærmare i avsnitt 2.2.6, vart konsernet Nets skipa i 2010, og Nets Norge Infrastruktur (NNI) er ein stor leverandør til NICS. Noregs Bank kontrollerte mellom anna at avtalen mellom NICS Operatørkontor og den nye driftsstaden ikkje er i strid med konsesjonen eller lov om betalingssystem. Det var også overgang til ny teknologiplattform og endra driftsmønster og regelverk i NICS. Noregs Bank godkjende

¹⁰ European System of Central Banks (ESCB) omfattar alle EU-sentralbankene. Committee of European Securities Regulators (CESR) omfattar alle verdipapirtilsyn i EU og fungerer som den europeiske delen av IOSCO. CESR er i 2010 omdanna til ESMA, jf. note 19.

endringane etter å ha vurdert operasjonell risiko, effektivitet, konsesjonsvilkår og aktuelle lover.

I møta blir Noregs Bank også informert om endringar som er under planlegging. Noregs Bank vil i 2011–12 mellom anna måtte ta stilling til rutinar i eit system for bilaterale grenser (caps) for bankane med oppgjer gjennom privat oppgjersbank.

I møta om NBO har ein mellom anna drøfta eit framlegg til risikoreduserande endringar i oppgjeren av dei betalingane bankane gjer for staten via NICS. Forslaget inneber at desse betalingane blir gjorde opp direkte mot statens konto i Noregs Bank i staden for mot bankane sine kontoar. Dette vil fjerne risikoen for at bankane ikkje har dekning for utbetalingane for staten via avrekningane i NICS. Samstundes vil dette fjerne kreditrisikoen staten har mot bankane for innbetalingar til staten. Det er positivt at det vert arbeidd med ei slik løysing. Gjennomføring av framlegget krev vedtak i fellesorgana til bankane.

2.1.2 Arbeidet med annan finansiell infrastruktur

Annan finansiell infrastruktur som vert overvaka, er verdiapropgjersystemet (VPO), sentrale motpartar med verksemrd i Noreg, valutaoppgjersystemet CLS og SWIFT som er bankanes system for betalingsmeldingar. I dette arbeidet har Noregs Bank ofte gitt bidrag ved å legge til rette for at marknadsdeltakarane skal ha ei samsforståing av korleis ein kan løyse problem eller få til forbetringar.

Noregs Bank uttalte seg i 2009 positivt til etablering av sentral motpart i handel med eigenkapitalinstrument, og fram til verksemda kom i gang, var det kontakt med VPS og Oslo Clearing om ulike tilhøve i samband med dette. I brev frå Finanstilsynet og Noregs Bank (2010) vart VPS beden om å vurdere systemet sitt opp mot ESCB-CESR-kriteria. Noregs Bank har òg hatt kontakt med VPS om framlegga i VPO-arbeidsgruppa (2009).

Noregs Bank har og tatt del i overvakingsmøta knytt til oppgjer av valutahandel gjennom CLS.

2.2 Interbanksistema i Noreg

Dei viktigaste driftsmessige endringane i interbanksistema i 2010 skjedde i NICS.


2.2.1 Norwegian Interbank Clearing System (NICS)

Nesten alle betalingstransaksjonar i Noreg blir sende til NICS før dei blir sende vidare til Noregs Bank for oppgjer i NBO. Transaksjonane kan anten sendast enkeltvis til NBO for endeleg oppgjer (NICS brutto) eller dei kan bli avrekna multilateralt. Då blir nettoposisjonane til bankane gjorde opp under eitt (NICS netto). Gjennomsnittleg dagleg omsetning i NICS var på i underkant av 200 milliardar kroner i 2010. Det er noko lågare enn i 2009, sjå figur 2.1.

Ved utgangen av 2010 var det 142 bankar som var deltar i NICS og som deltek i dei daglege avrekningane (nettooppgjera). I oppgjeren av avrekningane er det eit skilje mellom dei 21 bankane som får posisjonane sine gjorde opp direkte i NBO (nivå 1) og dei andre, som får posisjonane gjorde opp via ein oppgjersbank (nivå 2).

NICS har vore igjennom store systemmessige endringar dei siste åra. Frå 4. juni 2010 blei dei eigne nettoavrekningane av SWIFT-transaksjonar avvikla. Her vart tidlegare mellomstore betalingar mellom bankane avrekna før nettoposisjonane samla vart sende til oppgjer. Eit nytt

Figur 2.1 Omsetnad i NICS. Dagleg gjennomsnitt. Milliardar kroner. 2000 – 2010



Kjelde: NICS Operatørkontor

dagleg nettooppgjer for massetransaksjonar vart innført 24. september 2010, og etter dette har det vore tre daglege NICS nettoavrekningar som vert sende til Noregs Bank til oppgjer:

- Oppgjer av morgenavrekninga er som før klokka 05:45.
- Det vert no sendt ei ny avrekning til oppgjer i Noregs Bank klokka 13:45.
- Oppgjer av sluttavrekninga på ettermiddagen er forskuva ein time, til klokka 15:45.¹¹


Frå same dato vart det også innført ei generell beløpsgrense for transaksjonar som alltid skal sendast til brutto oppgjer i NBO. Transaksjonar som er større enn 25 millionar kroner, vert no sende inn brutto uavhengig av kven som sender inn meldinga og korleis ho er send inn i systemet. Denne grensa galdt til då berre for transaksjonar som vart sende inn til NICS gjennom SWIFT. Bankane kan også sette lågare beløpsgrense for kva som skal sendast brutto. Det er difor færre store betalingar i masseavrekninga, og som oftast lågare oppgjersposisjonar for deltarane enn det var før 24. september 2010. Det reduserar risikoen for at ei NICS nettoavrekning feilar, sjå figur 2.2.

Det var 10 driftsavvik i NICS i 2010. Det er like mange som i 2009, og færre enn åra før. Dei fleste av avvika var små, sjå figur 2.3.


NICS er underlagt krav om konsesjon og tilsyn etter lov om betalingssystem. Noregs Bank har som konsesjonsorgan i 2010 handsama ei endringsmelding om fusjon i selskapet som driftar NICS. NICS har i samband med dette arbeidd særleg med å sikra seg robuste driftsavtalar. Fusjonen er drøfta nærmere i avsnitt 2.2.6. Noregs Bank hadde somme merknader i saka, og dei er det teke omsyn til.

Noregs Bank har evaluert NICS etter internasjonale prinsipp og fann at systemet har ein tilfredsstillande låg

Figur 2.2 Bankanes gjennomsnittlege posisjonar i masseoppgjernet. Før og etter innføring av eit tredje masseoppgjer. Millionar kroner



Figur 2.3 Avvik i NICS-drift. Talet på feil og feilpoeng 1998–2010



risiko, sjå Noregs Bank (2007 og 2008). Evalueringa står ved lag også når ein tek omsyn til endringane i systemet dei siste åra.

2.2.2 Noregs Bank sitt oppgjerssystem (NBO)

Endringane i NICS førte til at driftsmønsteret i NBO vart endra to gonger i løpet av 2010. Det vart gjort utan driftsmessige avvik i NBO.

¹¹ Meir informasjon er gitt i Noregs Bank (2010a).

Det gjeldande NBO-systemet vart teke i bruk 17. april 2009. Med unnatak av eitt avvik i mai 2009, har tilgjengeligheten vore 100 prosent i det nye systemet, sjå figur 2.4. Tilgjengeligheten i NBO online¹² var 99,94 prosent i 2010.

Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i NBO vart redusert frå 187 milliardar kroner i 2009 til 176 milliardar kroner i 2010, sjå figur 2.5. Også i andre sentralbankar har omsetnaden i oppgjerssystemet falle etter finanskrisa. At omsetnaden er høg under finansiell uro kan skuldast fleire forhold. Med kortare løpetider på finansiering og fleire sikringsforretningar ved store svingningar i valutakursar, kan omsetninga i oppgjersystema auke.


Figur 2.5 viser at bruttotransaksjonar utgjer hoveddelen av omsetnaden i NBO. Bankane som har konto i NBO kan sende bruttotransaksjonar anten direkte til NBO eller via NICS. Bankane vel i størst grad å sende bruttotransaksjonane sine til NICS, som deretter vidaresender transaksjonane til NBO for direkte oppgjer. Av bruttotransaksjonar som blir sende direkte til NBO, utgjer betalingar til og frå valutaoppgjersystemet CLS den største delen. CLS blir omtalt nærmere i avsnitt 2.3.2.

Gjennomføring av transaksjonar i NBO krev at avsendarbanken har tilgang til likviditet på konto i NBO, anten i form av folioinnskot eller unytta lånetilgang, sjå figur 2.6. Samla tilgjengeleg likviditet i NBO til oppgjersføremål var svært god i 2010, så vel som i åra før. Det var få transaksjonar som ikkje vart gjorde opp på grunn av manglande likviditet hos avsendarbanken.


For å betre på likviditetssituasjonen til bankane under bankkrisa vart det etablert ei ordning der bankane kunne bytte obligasjonar med fortrinnsrett mot stats-sertifikat. Store betalingar knyttte til rullering i byteordninga har gjort det teneleg å endre sentralbanklova, slik at Noregs Bank kan yte kortsiktig likviditetskreditt til staten innanfor ein dag, sjå ramme på side 23.

¹² NBO online gir bankane realtidsinformasjon om saldo, likviditet og transaksjonar i eventuell ventekø.


Figur 2.4 Tilgjengelighet i NBO si opningstid. Månadsresultat. Prosent. 2005 – 2010



Figur 2.5 Gjennomsnittleg dagleg omsetning i NBO fordelt på oppgjør. Milliardar kroner. 2000–2010



Figur 2.6 Bankanes samla innskot og unytta høve til lån i Noregs Bank ved dagsslutt. Milliardar kroner. 1. februar 2008–27. januar 2011



Forbodet mot kreditt frå Noregs Bank til staten – ei presisering

Stortinget vedtok i desember 2010 ei presisering av sentralbanklova § 18 som inneber at forbodet mot at Noregs Bank yter kreditt til staten, ikkje hindrar at banken kan yte kreditt til staten innanfor ein kalenderdag. Denne presiseringa blei særleg aktuell på grunn av byteordninga¹ der staten låner ut statskassevekslar i byte mot obligasjoner med føretreinnsrett. Dei store beløpa som vert overførde på dei dagane vekslane skal fornyast, har ført til at særskilde tiltak er sette i verk for å unngå forstyrringar i betalingssystemet. Endringa i sentralbanklova, som tredde i kraft 1. januar 2011, er eit ekstra tryggingstiltak i særskilde høve dersom statens inneståande på konto i Noregs Bank er for lite til å dekkje utbetalingane frå staten.

Staten har alltid ein viss likviditetsreserve på konto i Noregs Bank til daglege betalingar. Utbetalingar frå staten skjer i hovudsak frå bankane som staten har avtale med. Bankane får oppgjer frå staten etter at utbetalingane har skjedd. Ein stor del av utbetalingane, mellom anna utbetalingane ved forfall av statskassevekslar, skjer gjennom oppgjeret av

avrekningar i bankane sitt fellessystem NICS. Kvar bank må ha dekning på konto i Noregs Bank for at avrekningane skal kunne gjerast opp.

Ved forfall av statskassevekslar innanfor byteordninga blir beløpa som forfell, godskrivne investoren sin bankkonto på termindag normalt innan kl. 05:45. Statens bankforbindelse² forskotterer dermed utbetalingane for staten og mottek beløpet frå statens konto i Noregs Bank kort tid etterpå. Utbetalingane er så store at Finansdepartementet forskotter banken ut over 30 milliardar kroner. Forskottinga skjer frå staten sin foliomkonto til bankens konto i Noregs Bank og vil normalt gjelde i tidsrommet frå kl 05:30 til banken mottek oppgjer for kravet mot staten ca. kl. 06:00 på fallsdagen.

Dei bankane som deltek i byteordninga, vil normalt ha plikt til å kjøpe statskassevekslar for like mykje som det som forfell same dag. Innbetalingane til staten for nye statskassevekslar vert gjorde gjennom det ordinære verdipapiroppgjeret, som normalt er gjort opp i Noregs Bank kl. 06:05 om morgonen. Den samla netto utbetalinga frå staten

innanfor byteordninga vil dermed normalt vere relativt liten på desse dagane. Tidsdifferansen mellom oppgjera i Noregs Bank av hovesvis utbetalingane gjennom NICS og innbetalingane gjennom verdipapiroppgjeret, gjer at staten kan ha for lite inneståande på kontoen i Noregs Bank til å dekkje utbetalingane frå bankane før innbetalingane blir godskrivne kontoen.

Dersom ein slik situasjon oppstår, kan det bli forseinkingar i betalingsoppgjera med store konsekvensar for betalingssystemet. Det vart difor reist spørsmål om Noregs Bank kunne la staten overtrekke kontoen sin i kort tid utan at dette streid mot forbodet slik det var i sentralbanklova § 18. Lovendringa³ gjer det klårt at Noregs Bank kan yte slik kreditt innanfor ein kalenderdag som eit tryggingstiltak i særlege høve.

§ 18. Kreditt til staten

Banken kan ikke yte kreditt direkte til staten. *Første punktum er likevel ikke til hinder for at banken yter kreditt til staten med løpetid innanfor en kalenderdag.*

¹ Byteordninga vart etablert hausten 2008 for å betre bankane sin likviditet og tilgang på finansiering. Meir informasjon om byteordninga finst på heimesidene til Noregs Bank: (http://www.norges-bank.no/templates/reportroot____73536.aspx).

² DnB NOR Bank ASA yter banktenester for staten ved forfall av statslån.

³ I boksen er teksten med endringa kursivert. Finanskomitéen si innstilling finst i Stortinget (2010).

Det er store forskjellar i den tilgjengelege likviditeten til bankane sett i høve til behovet, sjå figur 2.7. Det verkar likevel som at alle bankane har tilpassa seg på ein måte som sikrar gjennomføring av oppgjer i NBO, med liten risiko for likviditetsmangel.

Eit anna risikoreduserande element i samspelet mellom bankane, er å sende bruttobetalingane i god tid før stengjetid. Det gir meir tid til å skaffe tilstrekkeleg likviditet. Etter finanskrisa har bankane jamt over sendt betalingane noko seinare på dagen enn dei gjorde før finanskrisa, sjå figur 2.8. Men målt i verdi er den delen som er send etter kl. 14, framleis låg. Om lag 60 prosent av transaksjonsverdien blir send mellom kl. 12 og kl. 14, sjå figur 2.9.

Noregs Bank har varsla endringar i systemet for likviditetsstyring slik at byte av likviditet bankane imellom fungerer betre. Dette vil neppe ha stor verknad for betalingsoppgjera, sjå ramme på side 25.

2.2.3 DnB NOR som privat oppgjersbank


DnB NOR er den største private oppgjersbanken i Noreg. Ved utgangen av 2010 deltok 103 små og mellomstore bankar i DnB NORs oppgjerssystem.

Som oppgjersbank gjer DnB NOR opp deltakarbankane sine transaksjonar som blir avrekna i NICS netto tre gonger dagleg. Dessutan er det oppgjer av enkeltståande betalingstransaksjonar som blir sende inn frå deltakarbankane brutto (eller som blir tekne ut av NICS nettoavrekninga på grunn av beløpsstorleiken).


Deltakarbankane sine posisjonar i nettoavrekningane til NICS inngår i posisjonen DnB NOR får i oppgjerset i NBO. I oppgjerset garanterer DnB NOR for posisjonane til dei underliggjande bankane. Oppgjersresultatet for den einskilde deltakarbanken blir deretter bokført på oppgjerskontoen banken har i DnB NOR.

Det er ikkje stilt krav om at deltakarbankane har dekning for posisjonane sine i form av innskot i DnB NOR eller at det er stilt pant. Deltakarbankane er gitt kredittiliner av


Figur 2.7 Likviditetsbrøk. Einskilde bankars maksimale likviditetsbehov i NBO i løpet av ein dag delt på bankens tilgjengelege likviditet i NBO. Normal transaksjonsrekkefølgje. Gjennomsnitt for bankar med direkte oppgjør i NBO. 2010



Figur 2.8 Bruttobetalingar gjorde etter kl. 1400 i NBO. Prosent av verdi. Dagsobservasjon (gul prikk) og 20-dagars glidande gjennomsnitt (lilla linje). 2008 – 2010



Figur 2.9 Transaksjonsverdar i tidsintervall. Prosent av sum gjennom dagen. Bruttotransaksjonar i NBO



Nytt system for styring av bankane sine reserver – konsekvensar for betalingsoppgjera

Noregs Bank innfører eit nytt system for styring av bankane sin likviditet i løpet av hausten 2011, sjå Noregs Bank (2010b). Systemet gir bankane ein kvote for innskot i sentralbanken som blir forrenta til styringsrenta. Innskot ut over kvoten blir forrenta til ei lågare rente, reserverenta.

Bankane er delte inn i tre grupper. I hovudsak er inndelinga som for prisning av tenester i NBO. Alle bankar innan kvar gruppe har same kvote. Noregs Bank fastset summen av kvotane. Normalt vil Noregs Bank ikkje tilby meir reserver til banksystemet enn summen av kvotane. Innan sommaren 2011 blir detaljar rundt totalkvoten til bankane og systemålet for storleiken på bankane sine samla reserver i Noregs Bank offentleggjorde.

For å undersøke om det nye systemet vil påverke betalingsoppgjera har Noregs Bank utført simuleringar på historiske transaksjons- og likviditsdata frå NBO. Data frå alle oppgjersdagar frå 1. september 2009 til 31. august 2010 er nytta. I simuleringane er rekkefølgja for transaksjonane identisk med den som er registrert i NBO. Det er lagt inn nye føresetnader om beløpa bankane har på foliokonto i Noregs Bank ved starten av oppgjersdagane. Vi har nytta ulike føresetnader om totalkvote og tilbod av reserver til banksystemet.

For å gjennomføre oppgjer i NBO må bankane ha likviditet gjennom

dagen (intradaglikviditet). Intradaglikviditeten til ein bank er summen av folioinnskot og unytta lånerett i Noregs Bank.

Bankane sin intradaglikviditet i NBO er i dag svært god fordi bankane pantset rikeleg med verdipapir. I normale situasjonar vert derfor alle oppgjera gjennomførde utan problem. Innmelde transaksjonar som det ikkje er dekning for, blir stansa. Figur 1 viser simulerte verdiar av transaksjonar utan dekning (y-aksen) ved dagsslutt for ulike nivå på intradaglikviditeten til bankane (x-aksen).


Folioinnskot utgjer i dag om lag 20 prosent av den samla intradaglikviditeten til bankane. I eit tilfelle der summen av kvotane blir sett lågare enn dagens nivå på folioinnskot, vil reduserte F-lån i Noregs Bank føre til mindre trøng for pantsetjing av verdipapir. Dersom bankane reduserer pantsetjinga i takt med reduksjonen i F-lån, vil tilgjengeleg intradaglikviditet til oppgjersføremål bli redusert til mellom 80 og 100 prosent av dagens

gjennomsnittlege verdi, avhengig av endelig fastsett storleik på kvotane. Ein ser av figur 1 at dette neppe vil føre til at fleire transaksjonar manglar dekning ved dagsslutt.

Bankane har i utgangspunktet pantsatt mykje meir enn dei treng i samband med opptak av F-lån. I tillegg er den tilgjengelege likviditeten gjennom dagen for oppgjersføremål for dei fleste bankane langt høgare enn det maksimale behovet. Dette skuldast mellom anna at bankane ønskjer minst mogeleg risiko for forseinking av oppgjera. Det kan derfor vere andre forhold enn opptak av F-lån som avgjer nivået på pantsättjing av papir.

Dersom bankane si pantsättjing av verdipapir som trygd for lån i Noregs Bank blir uendra, vil ein reduksjon i F-lån føre til ein tilsvarende auke i unytta lånetilgang, som kan nyttast til oppgjersføremål. Omlegginga vil i så fall ikkje ha konsekvensar for intradaglikviditeten og gjennomføringa av oppgjera.

Figur 1 Transaksjonar utan dekning ved ulike nivå for samla tilgjengeleg likviditet i NBO. Gjennomsnittleg dagleg verdi



DnB NOR. Ved utgangen av 2010 var den totale kredittramma for alle deltakarane på vel 9 milliardar kroner. Det tilsvarande talet for 2009 var 8,4 milliardar kroner.

Ut over tilpassingane til endringane i NICS, har det ikkje vore gjennomført omfattande tekniske eller systemmessige endringar i oppgjerssystemet til DnB NOR i løpet av 2010. Oppgjerssystemet var stabilt i 2010. DnB NOR har meldt om eitt avvik, som ikkje var særleg alvorleg.

Som ein del av tilsynsarbeidet har Noregs Bank tidlegare evaluert systemet til DnB NOR etter internasjonale prinsipp, og ein konkluderte då med at systemet har ein tilfredsstillande låg risiko, sjå Noregs Bank (2007 og 2008). Systemet er ikkje endra i særleg grad dei siste åra, og evalueringa står ved lag.

2.2.4 Mindre oppgjersystem

SpareBank 1 SMN er oppgjersbank for 17 små og mellomstore bankar. Systemet er friteke for konsesjonsplikt fordi det er mindre viktig for den finansielle stabiliteten i Noreg.

Noregs Bank fører dermed ikkje tilsyn med systemet, men det er årlege overvakingsmøte som tek utgangspunkt i ein årsrapport frå SpareBank 1 SMN.

2.2.5 Konsekvensar av fleire daglege oppgjer

Innsöringa av ei tredje avrekning i NICS og forskuvunga av sluttavrekninga fører til raskare pengeoverføringer mellom bankane. Noregs Bank reknar med at bankane også syter for at kundane får raskare pengeoverføringer enn dei gjer i dag. Då vil somme betalingar som tidlegare først vart gjennomførde neste arbeidsdag, kome fram same dag.

Betrinigar for kundar vil skje automatisk, men kan også følgje ved omlegging av rutinar utanom banksektoren, til dømes i samband med betaling ved kjøp av bustad. Eigedomsmeklarar krev gjerne at kjøpesummen vert overførd til meklaren sin klientkonto i god tid før oppgjer og overtaking av bustad. Sidan bankar normalt ikkje garanterer

at ein betalingsordre vert utført før innan utløpet av kvardagen etter at betalingsordren er motteken, vert ein ofte oppmoda til å oversøre kjøpesummen også tidlegare enn dagen før oppgjer, sjå FNO (2009). Det er ikkje sikkert at det er naudsynt med så tidleg overføring av pengar i samband med huskjøp no når det er blitt raskare pengeoverføring mellom bankane.

Også ved kjøp av til dømes verdipapirfond kan ein sjå på om løysinga som bankane har laga, kan nyttast til å redusere oppgjerstida. Kravet etter verdipapirfondlova § 6-9 om at «innløsningen skal gjennomføres snarest mulig og senest to uker etter at kravet om innløsning er fremsatt overfor forvaltingsselskapet», vil måtte tolkast etter kva som til ei kvar tid er praktisk mogeleg. Ein må her også vurdere tilgang til verdipapir og kursrisiko.

Det vert og arbeidd med nye endringar som kan auke farten ytterlegare i utførde betalingsoppdrag. Bankane drøftar innføring av eit fjerde dagleg masseoppgjer og ei ytterlegare forskuving av sluttoppgjetret.

2.2.6 Fusjonar blant viktige IT-leverandørar

Fusjon skapte EDB ErgoGroup

Drift og forvalting av oppgjers- og sentralbanksistema i Noregs Bank har sidan 2003 vore utkontraktert til ErgoGroup AS. I oktober 2010 fusjonerte ErgoGroup AS med EDB BusinessPartner ASA, som leverer IT-tjenester til mellom anna DnB NOR og SpareBank 1-gruppa. Det midlertidige navnet på det fusjonerte selskapet er EDB ErgoGroup AS.

Selskapet blir etter fusjonen Noregs største IT-selskap og den nest største leverandøren av IT-tjenester i Norden. Konurransetilsynet vurderte saka i september 2010, og valde ikkje å gripe inn. Finanstilsynet hadde heller ikkje merknader til fusjonen.

Fusjonen gjer at mange store aktørar i norsk finansnæring nå er avhengige av den same leverandøren. Det inneber ein konsentrasjonsrisiko. Ein feil hos éin leverandør vil kunne ramme ein stor del av finansnæringa. På same tid inneber truleg fusjonen ei styrking av fagmiljøet og kan

gjere tenesteleveransane meir robuste mot endringar i bemanninga.

Nordito etablert og fusjonert med PBS til Nets

Mot slutten av 2009 fusjonerte infrastrukturskapet BBS (Bankenes Betalingssentral) med kortbehandlingsselskapet Teller og danna selskapet Nordito.

Melding om denne planlagde fusjonen kom til Konkurransetilsynet i 2007, som meinte at fusjonen kunne svekke konkurransen i marknaden for innløsing av internasjonale betalingskort. Konkurransetilsynet sette derfor som vilkår at det vart sikra tilgang til nødvendig BBS-infrastruktur for konkurrentar i marknadene for innløsing av kort og betalingsterminalar. Ettersom Teller og BBS leverer system for betalingstenester, vart det sendt søknad til Finansdepartementet. Departementet henta inn Finanstilsynet si vurdering, og godkjende fusjonen på visse vilkår i desember 2007.

Rett etter at fusjonen var endeleg gjennomført, søkte Nordito Finansdepartementet om å fusjonere verksemda med det danske selskapet PBS Holding. Aktiviteten til PBS Holding har store likskapar med den til Nordito i Noreg. Det nye selskapet Nets har hovudkontor og konsernleiing i Danmark.

Føremålet med fusjonen til selskapet, som fekk namnet Nets, var å vekse for å møte den aukande internasjonale konkurransen. Det har vore fleire andre fusjonar over landegrensene dei siste åra for å effektivisere elektronisk prosessering av betalingstransaksjonar. For eksempel har svenske Bankgirot utkontraktert drifta til det engelske selskapet Vocalink. Stordriftsfordelar kan føre til lågare einingskostnader i prosesseringa.

Nordito var driftsoperatør til avrekningssystemet NICS og leverte dessutan ei rekke tenester til det norske betalingssystemet, til dømes tenester for rekningshandsaming og informasjonstjenester.

Som konsesjonsorgan for NICS fekk Noregs Bank tidleg i 2010 ei endringsmelding om Nets-fusjonen frå systemeigaren NICS Operatørkontor. Noregs Bank vurderte

meldinga ut frå betalingssystemlova og konsesjonsvilkåra. Noregs Bank kravde i brev til NICS Operatørkontor 8. februar 2010 mellom anna at fusjonen ikkje måtte ha negativ verknad på kvaliteten og driftstryggleiken i NICS. Noregs Bank bad derfor om at det vart gjort ein gjennomgang av alle avtalar med relevans for NICS som var inngått mellom NICS Operatørkontor og BBS Infrastruktur AS når det galdt eigarskap/bruksrett til programvare som vart nytta. Dersom slike avtalar mangla, bad Noregs Bank om at dei måtte kome på plass. Noregs Bank bad om at avtalepartane laga serviceleveranseavtalar. Noregs Bank meinte dessutan at det var viktig at NICS sin avtalemotpart var plassert på høgt nivå i det fusjonerte selskapet, slik at driftsleveransen fekk den nødvendige prioriteten som følgjer av den sentrale funksjonen NICS har for norske bankars infrastruktur og for finansiell stabilitet. Synspunkta til Finanstilsynet fall i hovudsak saman med Noregs Bank sine.

Finansdepartementet godkjende 12. april 2010 fusjonen mellom Nordito og PBS Holding på desse vilkåra, jf Finansdepartementet (2010a):

- 1) «Det fusionerte selskapet skal sørge for at det foreligger avtaler om leveranse av tjenester innenfor felles operasjonell infrastruktur mellom selskapene i det fusjonerte konsernet og banker som er underlagt tilsyn av Finanstilsynet i den utstrekning slike banker velger selskaper i konsernet som operator.
- 2) Det fusionerte selskapet skal sørge for at avtalene nevnt under pkt. 1 inneholder beskrivelse av leveranse, ansvarsforhold og bruksrettigheter for leveranse av tjenester innenfor felles operasjonell infrastruktur.
- 3) Det fusionerte selskapet skal melde til Finanstilsynet ved endringer i virksomhet som er av betydning for risiko, styring og kontroll med den finansielle infrastruktur og gjennomføring av betalingstransaksjoner for banker underlagt tilsyn av Finanstilsynet. Slik melding skal gis 2 måneder før slike endringer etter planen skal foretas.

- 4) Finansdepartementet og Finanstilsynet skal på forespørsel gis tilgang til produktregnskaper som nevnt i Konkurransestilsynets vedtak 4. juli 2007 (V2007-17) vilkår 2.
- 5) Partene skal innen ett år etter fusjonen dokumentere overfor Finanstilsynet at vilkår nr. 1 og 2 er oppfylt, og Finanstilsynet må bekrefte at disse vilkårene er oppfylt.

En betingelse for tillatelsene er at vilkårene stilt i Norges Banks brev til NICS Operatørkontor 8. februar 2010 oppfylles, jf. betalingssystemloven § 2-6 annet ledd.»

Datterselskapet Nets Norge Infrastruktur AS (NNI) skal stå for leveransane til NICS. Utkast til ny avtale mellom NICS Operatørkontor og NNI om drift av NICS vart lagd fram for Noregs Bank i ei endringsmelding i desember 2010. Noregs Bank hadde enkelte merknader til avtaleutkastet. Det er teke omsyn til Noregs Banks merknader i den endelege avtalen, som vart underteikna 16. mars 2011.

2.3 Oppgjerssystem for verdipapir- og valutahandel

2.3.1 Verdipapiroppgjer i Noreg

Verdipapirsentralen (VPS) avrekner betalingar for handel med aksjar, grunnfondsbevis, sertifikat og obligasjonar. Talet på utførde daglege verdipapirtransaksjonar på Oslo Børs auka i 2010 til i gjennomsnitt om lag 75 millionar, sjå figur 2.10¹³. Nesten alle – 99,9 prosent av transaksjonane – galdt aksjar og andre eigenkapitalinstrument. Den daglege verdien av handelen vart redusert og var i 2010 ca. 26 milliardar kroner per dag. Aksjar og andre eigenkapitalinstrument stod for om lag 27 prosent av handelen målt i verdi, medan rentepapir irekna gjenkjøpsavtalar stod for om lag 73 prosent.¹⁴ Utanlandske investorar stod for meir enn 80 prosent av aksjeomsetnaden (målt i verdi). Frå august 2010 vert all handel med eigenkapitalinstrument på Oslo Børs gjord opp gjennom sentral motpart, sjå tekstboks på side 29.

¹³ Merk at figuren syner handelen på Oslo Børs. VPO vil i tillegg inkludere innmelde handlar som er avtalte utanom børsen sitt handelssystem.


¹⁴ Gjenkjøpsavtalar utgjer 2/3 av omsett verdi for rentepapir.

Konkursen i Lehman Brothers i 2008 syntte at regelverket for verdipapiroppgjeren (VPO) ikkje var forstått likt av alle. Banken som ytte korrespondentbanktenester for Lehman Brothers meinte at det ikkje låg føre plikt til å levera for indirekte deltagarar. Regelverket vart endra i desember 2009, slik at det no er klårt at bankar som melder inn transaksjonar til oppgjer, har plikt til å levera finansielle instrument og pengar slik at handlane kan bli gjorde opp. Plikta gjeld uavhengig av om det er oppgjer av bankens eigne handlar eller handlar banken gjer opp på vegner av andre.

Systemet med at verdipapirføretak og bankar utan eigen pengeoppgjerskonto i VPO måtte ha garanti frå ein bank som deltok i VPO for å kunne ta del i oppgjeren, vart fjerna i august 2010 for alle transaksjonar i VPO. I aksjehandelen er det den sentrale motparten som melder inn handlar, og som tek ansvar for oppgjer ved insolvens hos deltagarar. Renteinstrument vert handla over telefon mellom partar som kjenner kvarandre, og kravet er derfor ikkje vurdert som naudsynt for obligasjonar og sertifikat.

Mellom anna desse endringane i VPO førte til at VPS søkte Finanstilsynet om fornya godkjenning av VPO etter betalingssystemlova. Finanstilsynet fornya godkjenninga 2. juni 2010, og avtalar mellom partane i VPO kan såleis framleis ha rettsvern etter lova.

Figur 2.10 Talet på transaksjonar og verdi av omsetnad på Oslo Børs. Dagleg gjennomsnitt. 2001–2010



Sentral motpart i handel med eigenkapitalinstrument på Oslo Børs

Ein sentral motpart er ein institusjon som er spesialisert på handsaming av risiko frå handelen er avtalt til han er gjennomført. Ein sentral motparten går inn i handelen når han vert avtalt. Den sentrale motparten vert då kjøpar for seljaren og seljar for kjøparen. I Noreg kan konsesjon til å stå for slik verksemd verte gitt til «oppgjerssentralar» etter verdipapirhandellova kapittel 13.

Styret i konsernet Oslo Børs vedtok i desember 2008 at all handel med aksjer, eigenkapitalbevis og børshandla fond på Oslo Børs og Oslo Axess skulle gå til oppgjør gjennom sentral motpart. Konsernselskapet Oslo Clearing skulle vere primær sentral motpart, men det er også avtalt at LCH.Clearnet skal samhandle¹ med Oslo Clearing som sentral motpart. Dette vil sikre medlemene i handelen på Oslo Børs eit val mellom to sentrale motpartar i oppgjeret av aksjehandelen.

Etter tilråding frå Noregs Bank og Finanstilsynet gav Finansdepartementet i brev 21.04. og 27.04.2010 Oslo Børs og Oslo Clearing dei konsesjonane dei trond for å starte verksemda, sjá Finansdepartementet (2010b og 2010c). Det vart sett som eit vilkår at meir enn ein sentral motpart skulle stå til rådvelde for medlemene i handelen på Oslo Børs.

Alle verdipapirføretak som handlar på Oslo Børs, må no melde handlane sine inn for oppgjør til ein sentral motpart. Den

sentrale motparten reknar ut netto posisjon både for kvart einskilt verdipapir og i pengar. Dette reduserer likviditetsbehovet knytt til handelen, og prosentdelen av innmeldte oppgjer som blir gjorde opp på oppgjørsdag (oppgjørsgraden), vil auke. Det er fordi den sentrale motparten har plikt til og system for å levere også når den eine parten i ein handel ikkje leverer det han skal. Risikoen for at oppgjør av handlar som feilar skal få følgjer for andre handlar, vert dermed redusert.

Bruk av sentral motpart i handelen vil oftast redusere risikoen i oppgjøret, men mykje risiko vert koncentrert hos den sentrale motparten. Difor er det svært viktig at den sentrale motparten er solid og styrer risikoen sin godt. Tilrådingane frå CPSS/IOSCO som er omtala i avsnitt 2.1 og 2.4.1, er til god hjelp i tilsyn og overvaking av dei sentrale motpartane.

Bruk av sentral motpart i handelen med eigenkapitalinstrument vil auke oppgjørsgraden, og det vil truleg redusere netto kostnader i handelen sjølv om det er ei avgift til den sentrale motparten. Meklarhusa vil trenge mindre av eigne ressursar til å overvake og kontrollere motpartar. Attåt dette vil arbeidet med juridiske vurderingar av motpartar i oppgjøret gå sterkt ned. Bruk av sentral motpart vil vere særleg nyttig når det er finansiell uro, og bankar og verddepapirføretak mistar tilliten til kvarandre og difor ikkje ville våge å stille prisar inn i eit handelssystem der dei ikkje veit kven oppgjørsmotparten vil bli.

¹ Evne til samhandling vert ofte omtalt som «interoperabilitet».

Somme av framlegga til VPO-arbeidsgruppa (2009) vert framleis vurderte. Det gjeld framlegget om at systema til VPS skal opne for at handlar kan verte gjorde opp brutto i tillegg til at dei kan vere med i dei to daglege nettooppgjøra. Reglane for korleis VPO skal handsame bankar under offentleg administrasjon, er òg til vurdering. Det er levering mot betaling i VPO, slik at det ikkje er kredittrisiko. Spørsmålet er om ein kan redusere tap knytte til marknads- og likviditetsrisiko gjennom ei endring i reglane. No kan ikkje ein bank under administrasjon ta del i oppgjøret, men om det kunne skje, kan oppgjørsgraden verte høgare. Tapa som andre kan få i samband med

mangel på likviditet eller endring i marknadsprisar, vil då falle.

I 2010 innførte Oslo Børs pliktig bruk av sentral motpart i oppgjør av all handel med eigenkapitalinstrument (aksjer mv.) på dei to marknadsplassane Oslo Børs og Oslo Axess. Dei naudsynte endringane i funksjonar og reglar i verdipapiroppgjøret (VPO) vart sette i verk 12. mai 2010. Verksemda starta med somme aksjar i mai og fullt ut med alle eigenkapitalinstrument frå 27. august. Til no er Oslo Clearing einaste sentrale motpart som tilbyr teneste ved handelen i Oslo. Mest alle transaksjonar som vert gjorde

opp i VPO, har etter endringa den sentrale motparten som ein av partane. Med oppgjer gjennom sentral motpart i den norske marknaden er det totale talet på transaksjonar til oppgjer redusert med meir enn 60 prosent.

Bruk av sentral motpart i handelen med eigenkapital-instrument vil føre til at handelen blir gjort opp raskare. Oslo Clearing tek del i pengeoppgjeren i NBO med eigen konto i Noregs Bank. Oslo Clearing har pengeoppgesjonar forskjellige frå null i dei fleste oppgjera, og det tyder at transaksjonar som elles ikkje ville ha vore gjort opp, faktisk er gjort opp. Det har ikkje vore nemnande tekniske problem ved innføring av funksjonen.

2.3.2 Valutaoppgjerssystemet CLS

CLS Bank er ein internasjonal bank som er spesialisert på oppgjer av valutahandel. CLS starta verksemda i 2002. Kreditrisikoene i dei valutahandlane som CLS tek til oppgjer, er eliminerte ved at systemet syter for at dei to delane i ein valutahandelsavtale vert gjorde samtidig – ofte omtalt som PvP.¹⁵ CLS gjer i dag opp handel i 17 valutaer, og meir enn 90 prosent av all valutahandel i verda skjer i desse valutaene, sjå figur 2.11.

I tillegg til PvP-verksemda gjer CLS opp somme handlar med einvegsbetalingar, som kreditderivat og termin-kontraktar der berre verdiendringa og ikkje hovudstolen skal leverast.¹⁶ CLS Bank International held til i New York og er under tilsyn av New York-avdelinga av den amerikanske sentralbanken (NY Fed). CLS vert overvaka av NY Fed i samarbeid med sentralbankane for dei andre valutaene som vert gjorde opp i CLS. CLS publiserte i april 2009 si eiga vurdering systemet dei brukar, basert på kjerneprinsippa til CPSS. Deira vurdering var at ban-ken stettar alle ti prinsippa.


CLS har direkte medlemer og tredjeparts medlemer. Medan dei direkte medlemene sjølv syter for inn- og utbetalingar til CLS, nyttar tredjepartar eit direktemedlem til dette. Dei siste åra har talet på direktemedlemer halde

seg stabilt på om lag 60, medan det har vore sterk vekst i talet på indirekte deltagarar. I desember 2010 var det meir enn 10 tusen indirekte medlemer. Det har òg vore ein auke i talet på valutaer som vert gjorde opp i CLS. For drifta av CLS har dette skapt utfordringar. Sentralbankane har vore nøgde med stabiliteten i drifta og med handsaminga av endringane.

Fråveret av kreditrisiko i oppgjeren var eitt av vilkåra for at bankane kunne handle valuta som normalt i 2008 og 2009. Dette har styrka posisjonen til CLS i valutamarknadene. Ei undersøking frå CPSS (2008) syner at om lag 55 prosent av all valutahandel i verda i dag vert gjord opp gjennom CLS.

Ikkje all valutahandel kan gjerast opp via CLS. Til dømes kan CLS framleis ikkje gjere opp same dags handlar. Dette inkluderer out-delen av «in/out-swappane» som bankane nyttar for å redusere beløpet dei skal betale inn til CLS. In/out-swappane inneber at bankane handlar ned posisjonane sine ved å byte valuta innanfor CLS, for så å byte attende utanfor CLS same dag. Ved å byte attende utanfor CLS, vert det gjeninnførd ein oppgjersrisiko på om lag 130 milliardar dollar per dag.¹⁷ CLS arbeider no med å kunne tilby oppgjer av same dags handlar mellom amerikanske og kanadiske dollar. I tillegg vert det arbeidd

Figur 2.11 Valutahandel i april 2010.



Kjelde: BIS (BIS Triennial survey 2010)

¹⁵ Payment versus Payment, eller betaling mot betaling.

¹⁶ Såkalla «non-deliverable forwards».

¹⁷ Sjå Bakke, Berner og Molland (2011) for ei nærmare drøfting.

med å ta nye valutaer inn i systemet. CLS planlegg å tilby oppgjer av tyrkiske lire, thailandske baht og chilenske pesos i løpet av 2012.

Figur 2.12 syner utviklinga av oppgjer av handel med norske kroner i CLS. Venstre akse og øvste kurve syner brutto volum for handlar der norske kroner er involvert. Som med all valutahandel fall voluma hausten 2008. I 2010 vart det gjort opp handlar for omkring 250 milliardar kroner kvar månad. Høgre akse og nedste kurve syner kronebeløp som bankane må betale inn. Bankane sine posisjonar vert avrekna mot kvarandre, og dei får ein netto innbetalingsskyldnad. I tillegg handlar bankane posisjonane ytterlegare ned gjennom å bytte valuta seg imellom. Dette reduserer likviditeten som trengst monaleg. Netto likviditet ut av og inn til NBO er mellom 3 og 5 prosent av handlane som vert gjorde opp. Handelen med norske kroner er stort sett bytte mellom norske kroner og euro eller amerikanske dollar.


2.4 Internasjonal utvikling

2.4.1 Nye kjerneprinsipp for finansiell infrastruktur

Tilsyn og overvaking av interbanksystem, verdipapirsystem og sentrale motpartar er i dei fleste land basert på felles prinsipp utarbeidde av CPSS og IOSCO. I lys av erfaringar frå dei siste åra er det utarbeidd eit revidert forslag til prinsipp i CPSS/IOSCO (2011). Forsлага vil vere på open høyring til utgangen av juli 2011. Etter ein revisjon basert på høyringssvara vil reviderte prinsipp bli vedtekne tidleg i 2012. Dei nye prinsippa kan dermed bli innarbeidde i nasjonale system for tilsyn og overvaking innan utgangen av 2012.

Medan det tidlegare var ulike dokument med prinsipp for ulike system, er det no forslag om felles reglar for system-viktige interbanksystem, verdipapiroppgjersystem og sentrale motpartar. Dessutan skal prinsippa gjelde verdipapirregister og datavarehus. Alle prinsipp vil ikkje vere like relevante for alle typar selskap innan den nye selskapskategorien som blir kalla «Financial Market Infrastructures» (FMI). Det er von om at eit felles sett av

Figur 2.12 Verdi dagleg oppgjer i CLS der NOK inngår, og inn- og utbetalingar i NOK. Månedleg gjennomsnitt. Milliardar NOK. 2005–2010



Kjelder: CLS og Noregs Bank

prinsipp vil gi meir konsistens i overvakainga og reguleringa av sektoren.

Rapporten understrekar at finanskrisen, marknadsutvikling og erfaringar med dei gjeldande prinsippa viser at det er trond for oppstramming og tilføyinger. Dei viktigaste endringane er:

- Meir eksplisitte tilrådingar for handtering av kreditt-risiko og likviditetsrisiko.
- Reglar om sentrale motpartar som aukar vernet av kundane sine posisjonar og pant.
- Nytt prinsipp om forretningsrisiko – systema må kunne halde fram med verksemda utan avbrot også når deira finansielle stilling vert svekt. Dei må derfor ha rutinar for å følgje med på generell uvisse om forretningstilhøve og ha medel til rådvelde for å møte uventa situasjonar.
- Nye prinsipp om tilgang til og samhandling mellom ulike infrastrukturselskap. Det er mellom anna ei utfordring når fleire sentrale motpartar har verksemdu på same børs.

Noregs Bank overvakar og fører tilsyn med avreknings- og oppgjerssystem i samsvar med prinsippa frå CPSS/IOSCO. Vi evaluerer då om systema oppfyller prinsippa, og vi ser på evalueringane igjen når systema blir endra. Prinsippa vil også vere relevante for Finanstilsynet sitt arbeid med andre FMI-ar (system for betalingstenester, verdipapiroppgjersystem, sentrale motpartar og verdipapirregister).

2.4.2 TARGET2-Securities (T2S)

For å fremje ein felles verdipapirmarknad i Europa har Eurosystemet¹⁸ etablert prosjektet T2S. T2S skal vere ei felles IT-løysing som verdipapisentralar og sentralbankar kan bruke for oppgjer av verdipapir som er handla i euro og andre europeiske valutaer. Dersom Verdipapisentralen (VPS) og Noregs Bank vedtek å delta i T2S, vil Eurosystemet stå for teknisk drift av det norske verdipapiroppgjeren. Prosjektet er omtalt i Noregs Bank (2010d) og Husevåg (2010).

Utviklingsfasen i prosjektet starta opp i februar 2010. T2S skal etter planen vere i drift i september 2014, og innan 2015 skal alle deltarane vere med. I november 2010 vedtok hovudstyret i ESB prisane på mange av tenestene som T2S skal tilby.

ESB/Eurosystemet forhandlar med 30 verdipapisentralar og fleire sentralbankar utanfor eurosona om deltaking, mellom dei VPS og Noregs Bank. Planen er at verdipapisentralane og sentralbankane utanfor eurosona som vil delta i T2S, skal signere deltaravtalar i september 2011. VPS og Noregs Bank må vere nøgd med vilkåra i ein eventuell avtale før det kan verte vedteke om Noreg skal delta i T2S. Det er også avgjerande for Noregs Bank om marknadsdeltarane ønskjer at oppgjeren av handel i norske kroner skal skje i T2S.

Noregs Bank har sidan mai 2009 organisert ei T2S «National User Group» (NUG) etter same mal som andre land. Gruppa har ca. 25 medlemer frå VPS, bankar, verdipapirføretak og forvaltingsselskap for verdipapirfond. Finanstilsynet er observatør. Møtereferat blir publisert på www.ecb.int. Gruppa møtest fire gonger i året for å førebu innspel frå den norske marknaden til T2S «Advisory Group» (AG). AG gir råd til hovudstyret i ESB i T2S-saker og har ca. 80 medlemer frå alle potensielle deltarland. Dei tre norske medlemene er frå VPS, Noregs Bank og DnB NOR.

Det er etablert ei gruppe av tilsynsorgan og sentralbankar i land som vurderer å delta i T2S, som skal samarbeide om overvakning av og tilsyn med T2S. Gruppa vert leia av ESB og ESMA¹⁹, og 47 institusjonar er inviterte til å delta. Både Noregs Bank og Finanstilsynet deltek i gruppa. Gruppa skal sikre at informasjon frå T2S om arbeid og driftsmodell vert tilgjengeleg for alle dei 47 institusjonane. Dei vil då ha same faktagrunnlag i tilsynsarbeidet. Dessutan skal gruppa søkje å få til lik vurdering i alle institusjonane av same saksforhold.

Tilsyns- og overvakingsgruppa kommuniserer med T2S Programme Board, som har det daglege ansvaret for utvikling av T2S. Tilsynsgruppa ber skriftleg om informasjon og følgjer opp svara for å forvisse seg om at alle aspekt ved systemet er fullt ut forståtte, slik at potensielle risikokjelder blir luka ut. Etter kvart vil skriftleg informasjonsinnehenting bli supplert med møte både på teknisk nivå og på høgnivå.

¹⁸ Eurosystemet omfattar Den europeiske sentralbanken (ESB) og sentralbankane i landa som brukar euro som nasjonalt betalingsmiddel.

¹⁹ European Securities Market Authority (ESMA) er ei omdanning av Committee of European Securities Regulators (CESR), jf. EU-parlamentet og Rådet (2010). I tillegg til å ha fått nytt namn, har ESMA fått nokre nye fullmakter (m.a. rett og plikt til å ta initiativ).

2.4.3 Nytt EØS-regelverk

Endringar i betalingssystemlova og lov om finansiell sikkerhetsstillelse

Det siste tiåret har det vore store endringar i dei finansielle marknadene i Europa. Ei viktig endring med verknad for tryggleiken i interbanksystema er at nasjonale system nå ofte er knytte opp mot system i andre land. Eit anna viktig tilhøve gjeld kva sentralbankar godkjenner som trygd, der særleg gjeldsfordring er kome som tillegg.

EU vedtok finalitetsdirektivet i 1998 og direktivet om finansiell trygdgjeving i 2002. Finalitetsdirektivet gir reglar for rettsvern og tryggleik i interbanksystem og i verdipapiroppgjersystem i tilfelle ein eller fleire av deltakarane blir insolvente. Direktivet om finansiell trygdgjeving styrkjer den finansielle marknaden og tryggjar omsynet til finansiell stabilitet ved å syte for sikker, ordna og effektiv finansiell trygdgjeving.

Endringane i dei finansielle marknadene førte til at EU evaluerte dei to direktiva i 2005 og 2006. EU-parlamentet og Rådet har vedteke endringar som stettar krav og ønske som kom frå marknaden, sjá EU-parlamentet og Rådet (2009). Endringsdirektivet inneholder også nokre forenklingar og klargjeringar.

Dei opphavlege direktiva er tekne inn i norsk rett i betalingssystemlova og i lov om finansiell sikkerhetsstillelse. For tryggleiken i interbanksystema er det særleg viktig at betalingssystemlova syter for at avtalar om avrekning og oppgjer blir gjorde gjeldande etter innhaldet i teksten når oppdraget er lagt inn i autoriserte interbank- og verdipapiroppgjersystem før det er opna insolvensbehandling hos ein deltakar i systemet.

Endringsdirektivet er EØS-relevant, og vil bli innarbeidd i norsk rett. Ei høyring om nødvendige endringar i betalingssystemlova og i lov om finansiell sikkerhetsstillelse vart gjennomført av Finansdepartementet med høyringsfrist 1. mars 2011.

Harmonisering av regelverk for sentrale motpartar

EU-kommisjonen ferdigstilte 15. september 2010 eit forslag til ny regulering av sentrale motpartar og bruk av sentral motpart. I Kommisjonen (2010a) er det mellom anna framlegg om obligatorisk bruk av sentral motpart for handel over disk med ei rekke unoterte finansielle produkt. Forslaget er send til EU-parlamentet og Rådet. Forslaget vert ofte kalla EMIR (European Market Infrastructure Regulation).

Forslaget gir omfattende oppgåver til ESMA. ESMA skal både definere kva for produkt som skal kome inn under kravet om å bruke sentral motpart, og etablere standardar for tilsynet med sentrale motpartar. Når så vide tilsynsfullmakter vert lagde til overnasjonalt styringsverk, reflekterer det at desse marknadene er internasjonale.

Harmonisering av regelverk for verdipapirregister

EU-kommisjonen har i 2010 arbeidd med eit mogeleg felles nytt regelverk for «Central Securities Depositories» (verdipapirregister). Utkastet omfattar mellom anna definisjonar av kjerne- og tilleggstenester for CSD-ar, reglar om autorisasjon, opplegg for tilsyn og overvaking og reglar for tilgang til og samhandling mellom CSD-ar. I tillegg blir det føreslede reglar for kapital, leiing, styre og utkontraktering mv.

Finansdepartementet og Finanstilsynet har delteke i arbeidsgruppa som Kommisjonen sette ned for å utarbeide forslaget til det nye regelverket. Kommisjonen legg opp til at reglane skal vedtakast som forordning. Eit framlegg har vore på høyring med høyringsfrist 1. mars 2011.²⁰

²⁰ Framlegget og svara kan lesast på Kommisjonen si web-side http://ec.europa.eu/internal_market/consultations/2011/csd_en.htm.

Referansar

Bakke, Bjørn; Nathalie Berner og Jermund Molland (2011): «Norske aktørars risiko og risikohandtering i valutamarknaden», *Penger og Kredit 39*, Hefte 1, Oslo: Noregs Bank

BIS (2010): Triennial Central Bank Survey. Report on global foreign exchange market activity in 2010. Basel: Bank for International Settlements

CPSS (2001): Core Principles for Systemically Important Payment Systems. CPSS Publications No 43, January 2001, Basel: BIS

CPSS (2008): Progress in reducing foreign exchange settlement risk. CPSS Publications No 83, May 2008, Basel: BIS

CPSS/IOSCO (2001): Recommendations for securities settlement systems. CPSS Publications No 46, November 2001, Basel: BIS

CPSS/IOSCO (2004): Recommendations for Central Counterparties. CPSS Publications No 64, November 2004, Basel: BIS

CPSS/IOSCO (2011): Principles for financial market infrastructures – consultative report. CPSS Publications No 94, March 2011, Basel: BIS

ESCB-CESR (2009): Recommendations for securities settlement systems and recommendations for central counterparties in the European Union, Frankfurt and Paris: ESCB and CESR

Eklund, Trond; Svein Nygård og Leif Veggum (2010): «Endringer i Norges Banks rolle og virksomhet på kontantområdet», *Penger og Kredit 38*, Hefte 2 s 21–31. Oslo: Noregs Bank

EU-parlamentet og Rådet (2009): Directive 2009/44/EC of The European Parliament and of the Council of 6

May 2009 amending Directive 98/26/EC on settlement finality in payment and securities settlement systems and Directive 2002/47/EC on financial collateral arrangements as regards linked systems and credit claims. Brussel: *OJL 146/37*, 10.6.2009

EU-parlamentet og Rådet (2010): Regulation (EU) No 1095/2010 of The European Parliament and of the Council of 24 November 2010 establishing a European Supervisory Authority (European Securities and Markets Authority), amending Decision No 716/2009/EC and repealing Commission Decision 2009/77/EC. Brussel: *OJL 331/84*, 15.12.2010

Finansdepartementet (2010a): «Søknad om tillatelse til fusjon PBS Holding as og Nordito as». Brev ref 09/5635 JCW/ReE av 12.04.2010 fra Finansdepartementet

Finansdepartementet (2010b): «Oslo Clearing ASA – Søknad om tillatelse til å drive oppgjørsvirksomhet for egenkapitalinstrumenter». Brev ref 09/6023 PCB/MW av 21.04.2010 fra Finansdepartementet

Finansdepartementet (2010c): «Tillatelse til etablering av sentral motpart for egenkapitalinstrumenter – Oslo Clearing ASA». Brev ref 09/6023 PCB av 27.04.2010 fra Finansdepartementet

Finansdepartementet (2011): «Betalingsforetak – tidlige erfaring med drift av ulovlig betalingsvirksomhet». Brev ref 10/5621 JWC av 01.02.2011 til Finanstilsynet. Oslo: Finansdepartementet

Finanstilsynet (2010a): «Utflytting av bankenes IKT-oppgaver». Rundskriv nr. 14/2010. Oslo: Finanstilsynet

Finanstilsynet (2011): Rapport. Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) 2010. Finansforetakenes bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Oslo: Finanstilsynet

Finanstilsynet og Noregs Bank (2010): ESCB-CESR anbefalinger for verdipapiroppgjørssystemer. Brev 28.09.2010. Oslo: Finanstilsynet og Noregs Bank

- Flatner og Tornes (2002): «Bankenes likviditet og Norges Banks likviditetsstyring», oktober 2002
- FNO (2009): «Mønstre for kontoavtaler – forbrukerforhold». Hjemmeside oppdatert 01.11.2009
- Gresvik og Haare (2008): «Payment habits at point of sale. Different methods of calculating use of cards and cash in Norway», Staff Memo no. 6/2008. Oslo: Noregs Bank
- Gresvik og Haare (2009): «Costs in the Norwegian payment system», Staff Memo no. 4/2009. Oslo: Noregs Bank
- Grønvik, Gunnvald (2010): «Ein europeisk marknad for betaling», Penger og Kreditt 38, Hefte 1 s 35–47. Oslo: Noregs Bank
- Husevåg, Vigdis (2010): «TARGET2-Securities – billigere og sikrere verdipapiroppgjør i Europa?», Penger og Kreditt 38, Hefte 1 s 48–58. Oslo: Noregs Bank
- Haare, Harald (2008): «SEPS – Standardiserte løsninger for betalingstjenester i Europa», Penger og Kreditt 36, Hefte 1 s 18–24. Oslo: Noregs Bank
- Kommisjonen (2010a): Proposal for a regulation of The European Parliament and of the Council on OTC derivatives, central counterparties and trade repositories. COM(2010) 484 final, Brussels, 15.9.2010
- Kommisjonen (2010b): Proposal for a regulation of The European Parliament and of the Council establishing technical requirements for credit transfers and direct debits in euros and amending Regulation (EC) No 924/2009. COM(2010) 775 final, Brussels, 16.12.2010
- Lind, Hans-Erik (2010): «eFaktura B2B – en felles løsning fra bankene i Norge». Presentasjon på eFakturadagen 03.11.2010
- Nilssen, Øivind (2011): «Et gebyr til fordel for forbrukerne», *Samfunnsøkonomen Nr 2 2011*, s 25–31. Oslo: Samfunnsøkonomene
- Noregs Bank (2007): Årsrapport om betalingssystem 2006. Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2008): Årsrapport om betalingssystem 2007. Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2009): Årsrapport om betalingssystem 2008, Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2010a): «Endringer i driftsmønsteret for Norges Banks oppgjørssystem (NBO) fra 24. september 2010». Rundskriv fra Noregs Bank nr. 4/24 august 2010. Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2010b): «Nærmere om det nye systemet for styring av bankenes reserver». Notat publisert i forbindelse med hovedstyrevedtak 15. desember 2010 om endring i «Forskrift om bankers adgang til lån og innskudd i Norges Bank mv». Oslo: Noregs Bank.
- Noregs Bank (2010c): Årsrapport om betalingssystem 2009. Oslo: Noregs Bank
- Ratha, Dilip and Sanket Mohapatra (2008): «Remittance trends, A growing industry needs regulatory support», SPEED, vol. 2, no. 3, winter 2008. London: Central Banking Publications Ltd
- Regjeringa (2009): Stortingsmelding nr. 36 (2008–2009) «Det gode innkjøp». Oslo: Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- Stortinget (2010): Innstilling fra finanskomiteen om endringer i foretakspensjonsloven, innskuddspensjonsloven, lov om individuell pensjonsordning mv. Innst. 120 L (2010–2011). Oslo: Stortinget
- Vale, Bent (2010): «Betalingskort og tosidige markeder – noen implikasjoner for policy». Staff Memo 6/2010. Oslo: Noregs Bank
- VPO-arbeidsgruppa (2009): Forslag til forbedringer av Verdipapiroppgjørssystemet i Norge (VPO). Rapport fra arbeidsgruppe med deltagarar frå finansnæringa og Noregs Bank. Upublisert notat. Oslo: 27.februar 2009

Tabellregister

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

Betalingsmiddel i Noreg

- Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årets slutt, millionar kroner)
- Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)
- Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsjennomsnitt (millionar kroner)

Betalingsinfrastruktur

- Tabell 5: Institusjonell infrastruktur
- Tabell 6: Talet på avtalar
- Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

Kunderetta betalingstenester

- Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)
- Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)
- Tabell 10a: Betalingskort: Bruk av kort (millionar transaksjonar)
- Tabell 10b: Betalingskort: Bruk av terminalar (millionar transaksjonar)
- Tabell 11: Overføringer over landegrensene registrerte i valutaregisteret (tusen transaksjonar)
- Tabell 12: Bruk av betalingstenester (milliardar kroner)
- Tabell 13: Debet- og kreditoverføringer (giro) milliardar kroner)
- Tabell 14a: Betalingskort: Bruk av kort (milliardar kroner)
- Tabell 14b: Betalingskort: Bruk av terminalar (milliardar kroner)
- Tabell 15: Overføringer over landegrensene registrerte i valutaregisteret (millionar kroner)

Interbank

- Tabell 16: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjerssystem (transaksjonar)
- Tabell 17: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjersystem (milliardar kroner)
- Tabell 18: Tal på deltagarar i avreknings- og oppgjersystem (ved årets slutt)
- Tabell 19: Deltaking i SWIFT
- Tabell 20: SWIFT-meldingar til og frå utanlandske brukarar (tusen transaksjonar)

Prisar

- Tabell 21: Personkundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år
- Tabell 22: Føretakskundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar, betalingsmottak og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år
- Tabell 23: Prisar på overføringer frå Noreg til land i EU/EØS-området. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år
- Tabell 24: Prisar på mottak av beløp frå utlandet. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Folketal (per 1. jan., millionar) | 4,48 | 4,51 | 4,53 | 4,56 | 4,58 | 4,61 | 4,65 | 4,69 | 4,75 | 4,86 | 4,92 |
| BNP, marknadsverdi (milliardar kroner) | 1 481 | 1 537 | 1 532 | 1 594 | 1 743 | 1 946 | 2 160 | 2 272 | 2 517 | 2 381 | 2 505 |
| BNP Fastlands-Noreg, marknadsverdi (milliardar kroner) | 1 114 | 1 180 | 1 225 | 1 275 | 1 355 | 1 451 | 1 581 | 1 724 | 1 812 | 1 847 | 1 945 |
| Konsumet i hushalda (milliardar kroner) | 614 | 641 | 670 | 710 | 754 | 793 | 847 | 903 | 948 | 972 | 1 027 |
| Kurs mot USD (årsjennomsnitt) | 8,81 | 8,99 | 7,97 | 7,08 | 6,74 | 6,45 | 6,42 | 5,86 | 5,64 | 6,28 | 6,05 |
| Kurs mot Euro (årsjennomsnitt) | 8,11 | 8,05 | 7,51 | 8,00 | 8,37 | 8,01 | 8,05 | 8,02 | 8,22 | 8,73 | 8,01 |

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årets slutt, millionar kroner)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Pengemengda (M2) | 753 269 | 818 859 | 882 914 | 904 217 | 972 014 | 1 085 330 | 1 233 589 | 1 440 205 | 1 494 802 | 1 529 648 | 1 610 662 |
| Betalingsmiddel i alt (M1) | 370 378 | 384 631 | 399 711 | 427 689 | 472 058 | 552 246 | 679 343 | 760 448 | 736 491 | 743 968 | 790 124 |
| Setlar og myntar | 42 523 | 42 038 | 40 282 | 41 685 | 43 340 | 46 530 | 48 247 | 49 543 | 49 128 | 48 399 | 48 721 |
| Innskot på transaksjonskonti | 327 855 | 342 593 | 359 429 | 386 004 | 428 718 | 505 716 | 631 096 | 710 905 | 687 363 | 695 569 | 741 403 |
| Andre innskot | 326 350 | 370 171 | 409 704 | 407 457 | 423 185 | 435 483 | 473 108 | 559 351 | 657 162 | 693 888 | 731 114 |
| Banksertifikat og lutar i pengemarknadsfond | 56 541 | 64 057 | 73 499 | 69 071 | 76 771 | 97 601 | 81 138 | 120 406 | 101 149 | 91 792 | 89 424 |

Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|-------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Bankane sine folioinnskot i sentralbanken, årsjennomsnitt | 9 233 | 11 804 | 15 647 | 24 690 | 21 337 | 28 666 | 24 536 | 24 867 | 41 713 | 75 111 | 46 832 |
| Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån), årsjennomsnitt | 5 104 | 13 356 | 538 | 2 978 | 18 788 | 14 694 | 34 411 | 46 670 | 67 515 | 66 242 | 72 759 |

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Års gjennomsnitt (millionar kroner)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|----------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Total | 43 571 | 42 947 | 41 767 | 41 562 | 43 728 | 45 887 | 49 218 | 50 439 | 50 413 | 50 356 | 50 450 |
| Setlar totalt | 40 119 | 39 271 | 37 811 | 37 429 | 39 429 | 41 382 | 44 523 | 45 858 | 45 838 | 45 704 | 45 676 |
| 1000-kronesetlar | 26 336 | 24 713 | 22 599 | 22 167 | 23 555 | 24 649 | 25 818 | 26 179 | 25 371 | 24 382 | 23 134 |
| 500-kronesetlar | 6 107 | 6 921 | 7 626 | 7 732 | 8 278 | 9 060 | 10 374 | 11 213 | 11 882 | 12 722 | 13 623 |
| 200-kronesetlar | 4 275 | 4 446 | 4 573 | 4 674 | 4 792 | 4 819 | 5 296 | 5 381 | 5 522 | 5 580 | 5 846 |
| 100-kronesetlar | 2 684 | 2 464 | 2 270 | 2 091 | 2 012 | 2 021 | 2 119 | 2 121 | 2 083 | 2 029 | 2 062 |
| 50-kronesetlar | 717 | 727 | 744 | 765 | 793 | 833 | 916 | 964 | 980 | 993 | 1 012 |
| Myntar totalt | 3 452 | 3 676 | 3 955 | 4 132 | 4 299 | 4 506 | 4 695 | 4 581 | 4 575 | 4 652 | 4 774 |
| 20-kronemyntar | 966 | 1 124 | 1 387 | 1 561 | 1 667 | 1 778 | 1 849 | 1 665 | 1 541 | 1 556 | 1 599 |
| 10-kronemyntar | 1 087 | 1 111 | 1 085 | 1 051 | 1 049 | 1 076 | 1 145 | 1 214 | 1 259 | 1 276 | 1 307 |
| 5-kronemyntar | 487 | 497 | 505 | 515 | 538 | 563 | 598 | 630 | 654 | 664 | 674 |
| 1-kronemyntar | 617 | 641 | 666 | 686 | 718 | 753 | 799 | 845 | 884 | 912 | 941 |
| 50-øremyntar | 165 | 174 | 182 | 191 | 199 | 208 | 218 | 228 | 237 | 245 | 253 |
| 10-øremyntar | 130 | 130 | 130 | 129 | 128 | 128 | 86 | : | : | : | : |

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Talet på bankar | | | 153 | 152 | 148 | 149 | 147 | 149 | 149 | 149 | 145 |
| Sparebankar | | | 129 | 129 | 127 | 126 | 124 | 123 | 121 | 118 | 113 |
| Forretningsbankar | | | 16 | 15 | 13 | 14 | 15 | 16 | 18 | 20 | 20 |
| Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg | | | 8 | 8 | 8 | 9 | 8 | 10 | 10 | 11 | 12 |
| E-pengeføretak | | | | 4 | 5 | 5 | 4 | 3 | 3 | 3 | 3 |

Tabell 6: Talet på avtalar

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|--|----------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Avtalar om nettbank | 933 335 | 1 340 661 | 1 934 318 | 2 429 694 | 2 976 690 | 3 282 793 | 4 009 321 | 4 438 137 | 4 841 244 | 5 299 502 | 5 549 230 |
| Avtalar om nettbank – personkundar | : | : | : | : | : | 3 221 839 | 3 683 843 | 4 089 644 | 4 471 351 | 4 865 720 | 5 097 505 |
| Avtalar om nettbank – føretakskundar | : | : | : | : | : | 60 954 | 325 478 | 348 493 | 369 893 | 433 782 | 451 725 |
| Avtalar om å tilby eFaktura – føretakskundar | : | : | : | : | : | 330 | 460 | 532 | 648 | 772 | |
| Avtalar om mottak av eFaktura – personkundar | : | : | : | : | : | 2 149 356 | 2 914 946 | 4 074 429 | 5 249 722 | 6 358 929 | |
| Avtalar om bedriftsterminalgiro | | | | | | 27 904 | 28 707 | 29 127 | 32 983 | 33 466 | |
| Avtalar om Brevgiro | 2 687 420 | 2 361 031 | 1 787 462 | 1 707 428 | 1 540 768 | 1 453 825 | 1 189 770 | 1 152 349 | 906 957 | 810 818 | 759 995 |
| Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro) | 3 500 000 | 4 044 848 | 4 483 286 | 4 901 219 | 5 505 933 | 6 305 218 | 7 523 461 | 8 544 208 | 9 523 732 | 10 707 639 | 11 933 080 |
| AvtaleGiro – betalingsmottakarar | 6 041 | 6 473 | 6 883 | 7 194 | 7 905 | 8 761 | 9 554 | 10 373 | 11 135 | 11 945 | 12 619 |
| Autogiro – betalingsmottakarar | 1 174 | 1 200 | 1 265 | 1 232 | 1 187 | 1 243 | 1 441 | 1 350 | 1 170 | 1 342 | 716 |

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Talet på utferda kort | 5 611 | 6 081 | 6 395 | 6 931 | 7 616 | 7 872 | 9 187 | 9 908 | 10 629 | 11 644 | 12 084 |
| Kort med chip | : | : | : | : | : | : | 1 235 | 2 540 | 3 848 | 6 516 | 9 837 |
| Kort med magnetstripe | : | : | : | : | : | : | 7 953 | 7 368 | 6 781 | 5 127 | 2 247 |
| Talet på funksjonar i utferda kort | 9 056 | 10 075 | 10 575 | 11 322 | 12 298 | 12 449 | 14 169 | 15 335 | 16 772 | 17 837 | 18 911 |
| Debetfunksjonar | 7 419 | 7 991 | 8 212 | 8 600 | 9 326 | 9 107 | 10 138 | 10 519 | 11 899 | 11 789 | 12 864 |
| BankAxept | 4 020 | 4 287 | 4 362 | 4 527 | 4 985 | 4 894 | 5 537 | 5 569 | 6 218 | 6 057 | 6 515 |
| Betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap | 3 399 | 3 704 | 3 850 | 4 073 | 4 341 | 4 214 | 4 601 | 4 949 | 5 681 | 5 732 | 6 349 |
| Faktureringsfunksjonar (betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap) | 416 | 445 | 438 | 451 | 470 | 451 | 478 | 522 | 535 | 542 | 528 |
| Kreditfunksjonar | 1 221 | 1 638 | 1 925 | 2 271 | 2 502 | 2 891 | 3 553 | 4 294 | 4 338 | 5 506 | 5 519 |
| Nasjonale kredittkort | 577 | 630 | 681 | 646 | 535 | 546 | 548 | 647 | 625 | 629 | 642 |
| Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap | 644 | 1 008 | 1 244 | 1 624 | 1 967 | 2 345 | 3 005 | 3 647 | 3 713 | 4 877 | 4 877 |
| Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort | 67 445 | 73 832 | 82 294 | 93 456 | 94 386 | 96 591 | 100 021 | 109 821 | 119 953 | 122 359 | 125 684 |
| Minibankar | 2 119 | 2 144 | 2 188 | 2 217 | 2 180 | 2 184 | 2 250 | 2 272 | 2 283 | 2 253 | 2 193 |
| Betalingsterminalar (EFTPOS) | 65 326 | 71 688 | 80 106 | 91 239 | 92 206 | 94 407 | 97 771 | 107 549 | 117 670 | 120 106 | 123 491 |
| Åtte av bankar | 55 208 | 59 184 | 65 374 | 66 207 | 68 197 | 66 786 | 74 303 | 75 460 | 77 804 | 77 892 | 77 773 |
| Åtte av andre | 10 118 | 12 504 | 14 732 | 25 032 | 24 009 | 27 621 | 23 468 | 32 089 | 39 866 | 42 214 | 45 718 |
| Talet på stader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort | 47 434 | 49 328 | 52 705 | 59 100 | 63 976 | 73 242 | 78 656 | 85 490 | 94 708 | 96 152 | 97 722 |

Kunderetta betalingstenester

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|--|--------------|--------------|--------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Totalt | 760,9 | 848,3 | 960,4 | 1 039,3 | 1 144,9 | 1 235,5 | 1 341,0 | 1 476,3 | 1 602,6 | 1 701,6 | 1 836,2 |
| Debet- og kreditoverføringer (giro) | 370,4 | 397,5 | 440,5 | 442,8 | 465,6 | 480,4 | 489,3 | 510,7 | 526,6 | 541,8 | 562,6 |
| Elektronisk ¹ | 221,0 | 268,1 | 331,3 | 348,9 | 384,3 | 411,8 | 437,4 | 462,3 | 483,9 | 503,5 | 533,5 |
| Blankettbasert | 149,3 | 129,3 | 109,3 | 93,9 | 81,3 | 68,6 | 51,9 | 48,4 | 42,7 | 38,3 | 29,1 |
| Betalingskort (varekjøp) | 386,5 | 448,0 | 517,8 | 595,0 | 678,1 | 754,2 | 851,0 | 965,1 | 1 075,6 | 1 159,5 | 1 273,5 |
| Elektronisk | 378,4 | 439,0 | 508,0 | 584,7 | 664,2 | 737,9 | 830,7 | 960,3 | 1 073,2 | 1 157,7 | 1 271,8 |
| Manuelt | 8,2 | 9,0 | 9,8 | 10,3 | 13,9 | 16,3 | 20,4 | 4,8 | 2,4 | 1,9 | 1,7 |
| Sjekk | 4,0 | 2,9 | 2,0 | 1,5 | 1,2 | 0,8 | 0,7 | 0,5 | 0,4 | 0,3 | 0,2 |

¹Tal for elektronisk giro til og med 2001 inkluderer ikke diverse kreditoverføringer, til dømes faste oppdrag.

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Totalt | 370,4 | 396,7 | 440,3 | 442,8 | 465,6 | 480,4 | 489,3 | 510,7 | 526,6 | 541,8 | 562,6 |
| Kreditoverføringer¹ | 320,9 | 343,5 | 393,9 | 395,5 | 418,2 | 431,6 | 439,6 | 453,5 | 467,2 | 476,9 | 491,9 |
| Elektroniske | 192,1 | 234,5 | 299,9 | 314,8 | 348,5 | 371,9 | 395,6 | 412,7 | 430,5 | 443,6 | 467,1 |
| Bedriftsterminalgiro | 128,7 | 143,8 | 153,2 | 164,4 | 160,2 | 95,8 | 51,5 | 46,1 | 43,2 | 44,1 | 44,9 |
| Nettbank | 34,6 | 62,0 | 81,4 | 101,5 | 138,4 | 227,8 | 293,6 | 318,8 | 340,4 | 349,7 | 371,6 |
| Nettbankløysingar for personkundar | 34,6 | 62,0 | : | 91,6 | 112,0 | 131,8 | 144,0 | 154,2 | 171,2 | 205,3 | 220,2 |
| Nettbankløysingar for føretakskundar | - | - | : | 9,9 | 26,4 | 96,0 | 149,6 | 164,6 | 169,2 | 144,4 | 151,4 |
| Telegiro | 28,8 | 28,7 | 26,8 | 25,5 | 24,8 | 21,8 | 16,9 | 13,9 | 12,2 | 12,7 | 11,1 |
| Andre elektroniske kreditoverføringer | : | : | 38,5 | 23,4 | 25,1 | 26,4 | 33,6 | 33,8 | 34,7 | 37,1 | 39,5 |
| Blankettbaserte | 128,9 | 109,1 | 94,0 | 80,6 | 69,7 | 59,8 | 44,0 | 40,8 | 36,7 | 33,3 | 24,8 |
| Bedriftsterminalgiro og nettbank med tilvising | 6,3 | 5,6 | 4,9 | 4,2 | 3,0 | 2,6 | 1,0 | 1,7 | 1,3 | 1,2 | 0,9 |
| Brevgiro | 90,2 | 74,4 | 61,7 | 52,1 | 44,6 | 38,0 | 32,6 | 29,0 | 26,1 | 23,8 | 19,9 |
| Giro innleverte på ekspedisjonsstad – kontobelastningar | 32,4 | 28,3 | 27,1 | 24,4 | 22,0 | 19,2 | 10,4 | 10,1 | 9,3 | 8,3 | 3,9 |
| Diverse giro registrerte i bank ² | 0,0 | 0,8 | 0,3 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Direkte debiteringar | 29,0 | 33,6 | 31,3 | 34,1 | 35,8 | 39,9 | 41,8 | 49,6 | 53,4 | 59,9 | 66,4 |
| Giro innleverte på ekspedisjonsstad – kontante innbetalingar | 20,4 | 19,5 | 15,0 | 13,2 | 11,6 | 8,9 | 7,8 | 7,6 | 6,0 | 5,0 | 4,3 |

¹Tal for kreditoverføringer omfattar ikke diverse kreditoverføringer, herunder faste oppdrag i perioden 2000–2001.

²Diverse giro registrert i bank omfattar både kontante innbetalingar og kontobelastningar.

Tabell 10a: Betalingskort: Bruk av kort (millionar transaksjonar)¹

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Bruk av norske kort totalt (i Noreg og utlandet) | 496,8 | 563,6 | 631,1 | 704,7 | 786,6 | 862,2 | 957,6 | 1 070,7 | 1 182,0 | 1 259,7 | 1 368,8 |
| Varekjøp | 386,5 | 448,0 | 517,8 | 595,0 | 678,1 | 754,5 | 851,0 | 965,1 | 1 075,6 | 1 159,5 | 1 273,5 |
| Varekjøp utan kontantuttak | 283,8 | 323,8 | 385,2 | 456,8 | 533,6 | 618,5 | 769,1 | 887,4 | 1 002,4 | 1 088,5 | 1 208,3 |
| Varekjøp med kontantuttak | 102,7 | 124,2 | 132,6 | 138,2 | 144,6 | 135,9 | 81,9 | 77,7 | 73,2 | 71,1 | 65,2 |
| Kontantuttak utanom varekjøp | 110,3 | 115,7 | 113,3 | 109,7 | 108,5 | 107,8 | 106,6 | 105,6 | 106,4 | 100,1 | 95,3 |
| Bruk av norske kort fordelt etter funksjon | | | | | | | | | | | |
| Debetfunksjonar | 473,7 | 536,5 | 601,4 | 669,5 | 743,6 | 809,2 | 904,2 | 1 001,3 | 1 102,8 | 1 172,1 | 1 270,6 |
| BankAzept | 441,1 | 496,7 | 548,3 | 615,3 | 681,7 | 745,7 | 817,4 | 896,1 | 987,7 | 1 045,0 | 1 123,6 |
| Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap | 32,6 | 39,8 | 53,1 | 54,2 | 61,9 | 63,5 | 86,8 | 105,3 | 115,1 | 127,1 | 146,9 |
| Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap) | 13,9 | 14,8 | 13,9 | 14,8 | 16,6 | 19,1 | 17,7 | 20,5 | 22,6 | 21,4 | 19,1 |
| Kredittfunksjonar | 9,2 | 12,3 | 15,7 | 20,4 | 26,4 | 33,9 | 35,7 | 48,8 | 56,5 | 66,2 | 79,1 |
| Nasjonale kredittkort | 2,9 | 3,6 | 4,5 | 5,3 | 5,7 | 6,1 | 6,5 | 7,8 | 8,8 | 8,0 | 6,7 |
| Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap | 6,3 | 8,8 | 11,2 | 15,1 | 20,7 | 27,8 | 29,2 | 40,9 | 47,8 | 58,2 | 72,4 |
| Bruk av norske kort i utlandet | 22,6 | 26,2 | 31,5 | 36,2 | 38,3 | 38,8 | 50,6 | 70,4 | 74,4 | 82,7 | 103,4 |
| Varekjøp | 16,3 | 19,0 | 23,2 | 27,0 | 29,8 | 30,6 | 42,3 | 58,2 | 60,3 | 69,0 | 88,9 |
| Kontantuttak | 6,3 | 7,1 | 8,3 | 9,2 | 8,6 | 8,3 | 8,3 | 12,2 | 14,1 | 13,7 | 14,5 |
| Bruk av utanlandske kort i Noreg | 7,1 | 7,8 | 8,6 | 9,5 | 10,8 | 13,6 | 14,3 | 14,3 | 16,3 | 17,5 | 19,3 |
| Varekjøp | 6,0 | 6,5 | 7,3 | 8,1 | 9,3 | 12,4 | 12,6 | 11,7 | 13,5 | 15,1 | 17,0 |
| Kontantuttak | 1,2 | 1,3 | 1,4 | 1,4 | 1,5 | 1,3 | 1,7 | 2,7 | 2,8 | 2,4 | 2,3 |

¹Tal for åra 2000 - 2001 omfattar ikkje bruk av internasjonale betalingskort og nasjonale kredittkort i terminalar åtte av andre enn bankar og oljeselskap. Tal for bruk av internasjonale betalingskort i betalingsterminalar omfattar også bruk av kort over Internett

Tabell 10b: Betalingskort: Bruk av terminalar (millionar transaksjonar)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|--|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Bruk av innanlandske terminalar | 514,8 | 578,3 | 633,3 | 709,6 | 780,9 | 857,3 | 941,1 | 1035,1 | 1146,3 | 1 221,4 | 1 300,8 |
| Kontantuttak frå minibankar | 106,1 | 109,0 | 103,5 | 102,1 | 99,3 | 98,7 | 99,8 | 95,9 | 94,9 | 88,8 | 83,0 |
| Varekjøp i EFTPOS-terminalar som aksepterer BankAxept | 391,6 | 446,1 | 500,8 | 575,6 | 638,5 | 718,1 | 797,6 | 868,1 | 967,5 | 1 064,5 | 1 143,4 |
| Av dette BankAxept varekjøp med kontantuttak | 102,7 | 124,2 | 132,6 | 138,2 | 144,6 | 135,9 | 81,9 | 77,7 | 73,2 | 71,1 | 65,2 |
| Varekjøp i andre norske betalingsterminalar | 17,1 | 23,2 | 29,0 | 31,9 | 43,1 | 40,5 | 43,7 | 71,0 | 84,0 | 68,2 | 74,4 |
| Bruk av norske kort i innanlandske terminalar | 506,7 | 571,2 | 621,7 | 696,2 | 772,3 | 846,8 | 927,0 | 1 021,9 | 1 130,0 | 1 203,9 | 1 281,4 |
| Kontantuttak frå minibankar | 103,3 | 107,7 | 102,1 | 100,3 | 99,2 | 98,8 | 98,1 | 93,3 | 92,1 | 86,4 | 80,7 |
| BankAxept | 98,6 | 102,0 | 96,6 | 95,6 | 93,2 | 91,7 | 88,7 | 86,7 | 84,5 | 78,9 | 74,6 |
| Nasjonale kredittkort | 1,0 | 1,2 | 1,0 | 1,4 | 1,1 | 0,8 | 1,1 | 0,9 | 0,8 | 0,7 | 0,7 |
| Kort utferda av internasjonale kortselskap | 3,8 | 4,5 | 4,5 | 3,3 | 4,9 | 6,3 | 8,4 | 5,6 | 6,8 | 6,7 | 5,4 |
| Varekjøp i betalingsterminalar | 403,4 | 463,5 | 519,6 | 595,9 | 673,1 | 748,0 | 828,9 | 928,6 | 1 037,9 | 1 117,5 | 1 200,7 |
| BankAxept – varekjøp (inklusive kjøp med kontantuttak) i EFTPOS-terminalar | 342,5 | 394,7 | 451,7 | 519,7 | 588,4 | 654,1 | 728,7 | 809,4 | 903,1 | 966,1 | 1 048,9 |
| Nasjonale kredittkort – varekjøp | 1,3 | 2,0 | 3,0 | 3,8 | 4,1 | 4,8 | 5,3 | 6,7 | 7,8 | 7,1 | 5,8 |
| Kort utferda av internasjonale kortselskap – varekjøp | 24,2 | 29,7 | 34,4 | 41,9 | 51,8 | 61,3 | 70,4 | 90,9 | 105,9 | 119,5 | 133,5 |
| Oljeselskapa sine kort | 35,4 | 37,1 | 30,5 | 30,4 | 28,8 | 27,8 | 24,5 | 21,6 | 21,1 | 24,8 | 12,5 |

Tabell 11: Overføringer over landegrensene registrerte i valutaregisteret (tusen transaksjonar)

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Overføringer frå Noreg til utlandet | 5 422,5 | 6 298,6 | 6 521,9 | 6 785,1 | 7 337,2 |
| SWIFT | 5 171,1 | 5 861,4 | 5 919,3 | 6 094,9 | 6 576,5 |
| Valutasjekkar | 97,0 | 133,1 | 159,2 | 170,1 | 171,5 |
| Andre overføringer (MoneyGram, Western Union mfl.) | 154,5 | 304,1 | 443,5 | 520,1 | 589,2 |
| Overføringer til Noreg frå utlandet | 2 784,8 | 2 791,7 | 2 872,9 | 2 912,3 | 3 124,9 |
| SWIFT | 2 773,7 | 2 743,5 | 2 822,7 | 2 863,2 | 3 072,5 |
| Valutasjekkar | 3,2 | 36,7 | 34,8 | 28,7 | 28,3 |
| Andre overføringer (MoneyGram, Western Union mfl.) | 7,9 | 11,5 | 15,5 | 20,4 | 24,1 |

Tabell 12: Bruk av betalingstenester (milliardar kroner)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Totalt | 5 894,4 | 5 951,8 | 6 225,1 | 6 934,7 | 8 963,5 | 8 247,9 | 9 301,6 | 10 865,9 | 11 714,6 | 11 547,9 | 12 530,7 |
| Debet- og kreditoverføringer (giro) | 5 627,7 | 5 695,1 | 5 943,5 | 6 653,3 | 8 656,0 | 7 909,5 | 8 904,8 | 10 428,8 | 11 229,7 | 11 042,2 | 11 994,7 |
| Elektronisk ¹ | 4 720,0 | 5 156,0 | 5 457,2 | 6 242,0 | 8 283,6 | 7 662,1 | 8 680,1 | 10 212,2 | 11 042,9 | 10 868,5 | 11 854,7 |
| Blankettbasert | 907,7 | 539,0 | 486,3 | 411,3 | 372,4 | 247,4 | 224,7 | 216,5 | 186,8 | 173,8 | 140,0 |
| Betalingskort (varekjøp) | 164,3 | 184,2 | 224,9 | 236,6 | 265,0 | 305,5 | 381,0 | 424,3 | 473,5 | 493,6 | 525,7 |
| Elektronisk | 156,2 | 175,4 | 215,4 | 227,9 | 254,1 | 289,5 | 365,1 | 418,3 | 470,0 | 491,1 | 523,2 |
| Manuelt | 8,1 | 8,9 | 9,5 | 8,7 | 10,9 | 16,0 | 15,9 | 6,0 | 3,5 | 2,5 | 2,5 |
| Sjekk | 102,4 | 72,5 | 56,6 | 44,9 | 42,5 | 32,9 | 15,8 | 12,9 | 11,3 | 12,0 | 10,3 |

¹ Tal for elektronisk giro til og med 2001 inkluderer ikke diverse kreditoverføringer, til dømes faste oppdrag.

Tabell 13: Debet- og kreditoverføringer (giro) (milliardar kroner)

| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Totalt | 5 627,7 | 5 695,1 | 5 943,5 | 6 653,3 | 8 656,0 | 7 909,5 | 8 904,8 | 10 428,8 | 11 229,7 | 11 042,2 | 11 994,7 |
| Kreditoverføringer¹ | 5 314,2 | 5 410,5 | 5 714,4 | 6 431,5 | 8 396,5 | 7 612,6 | 8 624,8 | 10 149,4 | 10 991,7 | 10 809,9 | 11 746,2 |
| Elektroniske | 4 517,9 | 4 971,2 | 5 308,0 | 6 077,4 | 8 105,1 | 7 449,2 | 8 456,6 | 9 992,5 | 10 859,6 | 10 681,2 | 11 636,4 |
| Bedriftsterminalgiro | 4 372,2 | 4 716,2 | 4 678,4 | 5 225,3 | 6 553,4 | 2 976,6 | 2 294,1 | 2 921,4 | 2 102,9 | 2 576,2 | 2 904,7 |
| Nettbank | 93,3 | 197,3 | 409,1 | 650,7 | 1 351,8 | 4 272,8 | 5 772,4 | 6 496,3 | 8 239,4 | 7 567,7 | 8 052,4 |
| Nettbankløysingar for personkundar | 93,3 | 197,3 | : | 332,6 | 436,4 | 517,3 | 585,4 | 650,1 | 775,6 | 966,9 | 1 078,3 |
| Nettbankløysingar for føretakskundar | - | - | : | 318,1 | 915,4 | 3 755,6 | 5 187,0 | 5 846,2 | 7 463,8 | 6 600,8 | 6 974,1 |
| Telegiro | 52,5 | 57,6 | 54,3 | 51,0 | 48,4 | 43,8 | 37,5 | 31,0 | 29,7 | 32,8 | 29,0 |
